



UTLENDINGSNEMNDA
UNE

ÅRSRAPPORT 2023

Innholdsliste

DEL I	Melding frå leiaren	5
DEL II	Introduksjon til verksemda og hovudtal	6
2.1	Samfunnsoppdrag og mål	6
2.2	Organisasjon	7
2.3	Utvalde hovudtal	8
DEL III	Aktivitetar og resultat i 2023	9
3.1	Generelle tal for verksemda i 2023	9
3.1.1	Innkomne saker	9
3.1.2	Behandla saker	10
3.1.3	Avgjerdsform	11
3.1.4	Saksbehandlingstider	12
3.1.5	Omgjering av tidlegare vedtak i UDI og UNE	13
3.1.6	Ubehandla saker	15
3.1.7	Rettssaker / rettskraftige dommar	16
3.2	Rapportering i samsvar med tildelingsbrevet for 2023, verksemdsinstruksen osv.	18
3.2.1	Mål 1: Klagarar får saka si korrekt behandla utan ugrunna opphald	18
3.2.2	Styringsparameter 1 – saksbehandlingstid for asylklagesaker	19
3.2.3	Nærare om statusen på porteføljen for asylklagesaker (SP1)	19
3.2.4	Styringsparameter 2 – storleiken og alderen på behaldninga av ubehandla opphaldsklagesaker	23
3.2.5	Nærare om statusen på porteføljen for opphaldssaker (SP2)	23
3.2.6	Prioritering av mindreårige i behandlinga av asylsaker (O1)	28
3.2.7	Det beste for barnet som eit grunnleggjande omsyn i behandlinga av asylsaker (R1)	29
3.2.8	Mål 2: Alle som oppheld seg i Noreg, har avklart identitet og lovleg opphald	30
3.2.9	Styringsparameter 3 – utvisingsklagesaker	31
3.2.10	Tilbakekallingssaker (R2)	32
3.2.11	Forbetring og effektivisering av verksemda (R3)	34
3.2.12	Samarbeid i migrasjonsskjeda	36
3.2.13	Produktivitet (R4)	38
3.2.14	Schengen IKT-tilpassingar (O3)	42
3.2.15	Oppfølging av tillitsreforma (O4)	42
3.2.16	Talet på lærlingar (R5)	43
3.2.17	Konsulentbruk (R6)	43

3.2.18	Moglegheitene for desentralisert arbeid (R7).....	44
3.2.19	Rapportering etter verksemdsinstruksen for Utlendingsnemnda	44
3.2.20	Mangfald, inkludering og likestilling – rapportering etter utgreiingsplikta	44
3.2.21	Prosedyreininga i UNE.....	45
DEL IV	Styring og kontroll i verksemda.....	46
4.1	Overordna vurdering av styring og kontroll i verksemda.....	46
4.2	Nærare omtale av forhold knytte til styring og kontroll	46
4.2.1	Innføring av SRS.....	46
4.2.2	Sikkerheit og personvern.....	46
4.3	Ressursbruk	48
4.4	Ny langsiktig leigeavtale for kontorlokala til UNE	49
4.5	Riksrevisjonssaker	49
DEL V	Leiaren si vurdering av framtidsutsiktene	50
DEL VI	Årsrekneskap.....	51
6.1	Kommentarar frå leiaren til årsrekneskapen for 2023.....	51
6.2	Prinsippnote til årsrekneskapen.....	53
6.3	Årsrekneskap.....	55
DEL VII	Vedlegg til UNEs årsrapport for 2023 – statistikkrapportering (jf. punkt 8.1 i tildelingsbrevet)	64

Tabellar

Tabell 1:	Nøkkeltal for årsrekneskapen dei siste tre åra	8
Tabell 2:	Talet på behandla saker etter avgjersform, og delen av desse der dei tidlegare vedtaka er gjorde om	14
Tabell 3:	Ubehandla saker (inkludert omgjeringsoppmodingar) per 31.12. fordelte etter saksgruppe.....	15
Tabell 4:	Rettssaksarbeid 2018–2023.....	17
Tabell 5:	SP1 – saksbehandlingstid for asylklagesaker	19
Tabell 6:	Ubehandla asylsaker per 31.12. dei siste tre åra.....	20
Tabell 7:	SP2 – storleiken og alderen på behaldninga av ubehandla opphaldsklagesaker	23
Tabell 8:	Ubehandla opphaldssaker per 31.12. dei siste tre åra	24
Tabell 9:	SP3 – saksbehandlingstid for utvisingsklagesaker	31
Tabell 10:	Behandla saker 2021–2023	38
Tabell 11:	Årsverk 2021–2023 (gjennomsnitt for året).....	38
Tabell 12:	Behandla saker per årsverk for UNE totalt og for sakseiningar/nemndleiarar 2021–2023	39
Tabell 13:	Vekting av vedtaka i UNE (vekttal)	39
Tabell 14:	Kostnads- og vektalsproduktivitet 2021–2023.....	40

Figurar

Figur 1: Organisasjonskart for UNE per 31.12.2023.....	7
Figur 2: Innkomne saker 2020–2023 (alle saksgrupper)	9
Figur 3: Innkomne saker i 2023 etter saksgruppe	10
Figur 4: Behandla saker 2020–2023 (alle saksgrupper)	10
Figur 5: Behandla saker i 2023 etter saksgrupper	11
Figur 6: Behandla saker 2023 etter avgjerdsform	11
Figur 7: Behandla saker i nemndmøte 2023 etter saksgruppe	12
Figur 8: Gjennomsnittleg saksbehandlingstid 2023 etter saksgruppe	13
Figur 9: Gjennomsnittleg saksbehandlingstid etter avgjerdsform 2023	13
Figur 10: Delen av UNE-vedtaka der tidlegare vedtak blei gjorde om, etter saksgruppe, 2023.....	14
Figur 11: Utfallet av realitetsbehandla asylsaker 2023 fordelt på dei 5 største nasjonalitetane	15
Figur 12: Gjennomsnittsalderen på dei ubehandla sakene (klager og omgjeringsoppmodingar) fordelt på saksgrupper per 31.12.2023.....	16
Figur 13: Utviklinga i gjennomsnittleg saksbehandlingstid for asylsaker dei siste tre åra.....	20
Figur 14: Innkomne Dublin UIV-saker 2021–2023 per måned	22
Figur 15: Alderen på ubehandla opphaldssaker (inkl. omgjeringsoppmodingar) per saksgruppe per 31.12.2022 og 31.12.2023.....	24
Figur 16: Utviklinga i gjennomsnittleg saksbehandlingstid for opphaldssaker dei siste tre åra	25
Figur 17: Behandla saker i saksgruppa arbeid/opphald i 2023 fordelt på ulike sakstypar	27
Figur 18: Behandla saker i saksgruppa andre saker 2023 fordelt på ulike sakstypar	28
Figur 19: Fordelinga av driftsutgiftene til UNE i 2023 etter art.....	48
Figur 20: Konsulentutgifter 2019–2023	49

DEL I Melding frå leiaren

I 2023 valde vi å løfte fram tre område frå verksemdsstrategien vår:

- Vi har effektive arbeidsprosessar.
- Vi digitaliserer og utviklar brukarvennlege og sikre løysingar.
- Vi samarbeider på tvers, deler erfaringar og har fri meiningsutveksling.

Vi har gjennom året halde fram med å jobbe med kontinuerleg forbetring i ulike delar av verksemda. På kjerneområdet har vi særleg fokusert på å jobbe strukturert og metodisk med å få til ei god heilskapleg styring der vi sikrar eigarskap til resultata også heilt ned i dei ulike faglag.

På digitaliseringssida har vi mellom anna jobba med ei ny løysing for å få korrekt informasjon om nye nemndmedlemmer. Vi har også fått på plass ei ny løysing for å gi betre og sikrere støtte til saksbehandlinga når det gjeld å finne igjen intern praksis. Vi har jobba vidare med heildigitalisering av nemndmøte og med ei ny løysing for arbeidet med rettssaker og rettspraksis. Vi har også fått på plass nye avtalar på IT-sikkerheitsområdet. Sist, men ikkje minst har vi delteke aktivt i arbeidet med Modernisert utlendingsforvaltning både på styringssida og med sentrale ressursar i prosjektarbeidet.

Samarbeid, erfaringsdeling og fri meiningsutveksling internt er viktig fordi det gir resultat, men også fordi vi er ein av få aktørar på fagfeltet. Eg gler meg over å sjå at det har vore stort engasjement og er blåse nytt liv i viktige samhandlingsflater på saksbehandlingssida. Vi har også jobba aktivt med å utvikle leiarskap for å gi gode føresetnader for engasjement og medverknad ute i organisasjonen.

Vi ser teikn til ei positiv utvikling i produktiviteten. Saksbehandlingstida har også i gjennomsnitt vore noko kortare i 2023 enn i 2022. Inngangen av saker frå UDI har gjennom året auka meir enn prognosane tilsa. For UNE betyr det at vi har fått ei større behaldning av saker, noko som igjen vil gi lengre saksbehandlingstid i 2024. Føreseieleg saksinngang og god saksflyt i kjeda, og internt i UNE, er viktige faktorar for at vi skal lukkast med å halde den samla saksbehandlingstida så kort som mogleg.

Vi har i godt samarbeid med Statsbygg skaffa nye lokale for UNE frå sommaren 2025, med endeleg godkjenning av kontrakten i januar 2024. No gler vi oss til å jobbe vidare med å gjere dei framtidige lokala til våre og få på plass gode rammer rundt nye måtar å organisere kvardagen vår på i eit nytt, aktivitetsbasert arbeidsplasskonsept.

Eg meiner at UNE også i 2023 har bidrege godt til hovudmåla for migrasjonskjeda, og at vi har levert på dei verksemdsspesifikke måla våre gjennom å få ned saksbehandlingstida på klagesaker og gjennom å arbeide godt med korrekte vedtak. Vi samhandlar godt med dei andre i kjeda både på IKT-området og for å sikre retur der det er mogleg. Gjennom vedtaka og avgjerdene våre har vi også bidrege til å sikre at dei som oppheld seg i Noreg, har avklart identitet og lovleg opphald.

Oslo 29.2.2024



Marianne Jakobsen
direktør

DEL II Introduksjon til verksemda og hovudtal

2.1 Samfunnsoppdrag og mål

Utlendingsnemnda (UNE) er eit domstolsliknande forvaltningsorgan for behandling av klager på avslag som førsteinstansen Utlendingsdirektoratet (UDI) har gitt etter utlendingslova og statsborgarlova.

Samfunnsoppdraget til UNE

- Som klageinstans har UNE i oppgåve å etterprøve vedtak om avslag som er gitt i førsteinstansen, og som nokon har klaga på.
- UNE skal bidra til ei heilskapleg, effektiv, rettssikker, føreseieleg og brukarvennleg utlendingsforvaltning som brukarane har tillit til.
- UNE skal bidra til at vedtaka som blir gjorde, er i tråd med internasjonale konvensjonar og norsk lov, og skal vareta rolla som lovtolkande organ.

UNE ligg administrativt under Justis- og beredskapsdepartementet (JD). UNE fungerer som eit uavhengig forvaltningsorgan når det skal gjerast vedtak i klagesaker.

UNE har meir enn éin måte å gjere vedtak på. Vedtak blir gjorde

- i nemndmøte med personleg frammøte
- i nemndmøte utan personleg frammøte
- av ein nemndleiar etter at saka er førebudd av sekretariatet
- i sekretariatet

Alle saker som inneheld vesentlege tvilsspørsmål som kan bli avgjerande for utfallet, skal avgjerast i nemndmøte. Vedtak i nemndmøte blir gjorde kollegialt av tre personar: éin *nemndleiar* og to *nemndmedlemmer*, som er lekfolk. Det er om lag 300 utnemnde nemndmedlemmer.

Nemndmedlemmene blir utnemnde av JD etter forslag frå statsforvaltarane, Norges Juristforbund, Samfunnsviterne og humanitære organisasjonar. Nemndmedlemmene blir utnemnde for fire år om gongen og kan veljast på nytt éin gong.

UNE er ein del av utlendingsforvaltninga. Arbeidet UNE gjer, verkar direkte inn på arbeidet med retur ved Politiets utlendingseining (PU) og arbeidet med busetjing ved Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi).


I tillegg til behandling av klagesaker frå UDI utgjer behandling av oppmodingar om å gjere om UNE-vedtak og arbeid med dei sakene som går vidare til rettsapparatet, ein stor del av kjernearbeidet til UNE. I 2023 utgjorde oppmodingar om omgjerding 16,5 % av vedtaka UNE gjorde i enkeltsaker.

2.2 Organisasjon

UNE held til i Oslo sentrum og er organisert i ei nemndavdeling med 21 tilsette (med leiaren), ei saksavdeling med sju einingar og fellesfunksjonar fordelte på tre avdelingar og to stabseiningar: fagavdelinga, avdeling for teknologi og digital utvikling, avdeling for fellestenester, kommunikasjonseininga og eining for verksemdsstyring. UNE har også ei eiga prosedyreeining som etter avtale med Regjeringsadvokaten prosederer ein del av dei sakene som hamnar i rettsapparatet.

Per 31.12.2023 hadde UNE i alt 255 fast tilsette og éin mellombels tilsett. I tillegg kjem UNE-direktøren, som er tilsett på åremål. Gjennom 2023 har UNE hatt 203,9 effektive årsverk når permisjonar, deltid, sjukefråvær og liknande er trekt frå.

Figur 1: Organisasjonskart for UNE per 31.12.2023



2.3 Utvalde hovudtal

Tabell 1: Nøkkeltal for årsrekneskapen dei siste tre åra

Nøkkeltal for årsrekneskapen	2021	2022	2023
Utførte årsverk	186,2	202,6	203,9
Samla tildeling, post 01–21	262 965 000	285 739 000	306 736 000
Samla utbetaling, post 01–21	245 686 285	271 827 228	294 623 347
Meirforbruk (+) / mindreforbruk (-), post 01–21	-17 278 715	-13 911 772	-12 112 653
Utnyttingsgrad post 01–21	93,6 %	95,3 %	97,7 %
Driftsutgifter	241 338 422	261 605 558	283 280 688
Lønnsdel av driftsutgiftene	74,5 %	73,8 %	75,1 %
Lønn og sosiale utgifter per årsverk*	952 948	943 356	1 033 463
Konsulentdel av driftsutgifter	7,9 %	6,3 %	5,6 %

*«Lønn og sosiale utgifter» inkluderer lønn, arbeidsgivaravgift, pensjonspremie, refusjonar frå sjuke- og fødselspengar og sosiale utgifter.

Honorarutbetalingar til nemndmedlemmer er ikkje inkluderte.

Lønn og sosiale utgifter per årsverk gjekk ned med ca. 10 000 kroner frå 2021 til 2022, trass i effekten av lønnsoppgjera i 2021 og 2022. I årsrapporten for 2022 skreiv UNE at nedgangen kom av at auken i årsverk frå 2021 til 2022 stort sett var avgrensa til saksbehandlarar, slik at det var ei relativ forskyving mellom delen leiarar og delen medarbeidarar. Frå 2022 til 2023 har vi, i tillegg til effekten av lønnsoppgjera i 2022 og 2023, opplevd ein tilsvarande, men motsett effekt. Dessutan blei lønna til saksbehandlarar i sekretariatet justert opp til eit høgare minstelønnsnivå. Det har også vore ein større del nytilsetjingar i stillingar med høg gjennomsnittslønn, mellom anna fleire IKT-stillingar. Generelt har ein stram arbeidsmarknad for juristar og andre grupper bidrege til at det har blitt meir krevjande å behalde og rekruttere dyktige medarbeidarar.

Delen av driftsutgiftene som blei nytta til konsulentar, gjekk ned frå 6,3 % i 2022 til 5,6 % i 2023. Grunnen til det er at UNE i 2023 fekk tilsett nye ressursar på IT-området, som i større grad utførte arbeid som tidlegare var sett ut til konsulentar. Det er hovudsakleg på IKT-området UNE bruker konsulentar.

Utgiftene på post 21 har auka med ca. 25 % frå året før. Auken kjem først og fremst av høgare utbetalingar knytte til sakskostnader etter forvaltningslova til § 36 og høgare utgifter til gjennomføring av nemndmøte.

DEL III Aktivitetar og resultat i 2023

3.1 Generelle tal for verksemda i 2023

Vi gjer merksam på at tala for utlendingssaker i denne årsrapporten er refererte på eit konkret tidspunkt. Tala blir påverka av endringar, korrigeringar og etterregistreringar i databasen og vil derfor kunne avvike noko frå tala som er rapporterte frå tidlegare år. Dette gjeld for alle tala i alle kapitla.

3.1.1 Innkomne saker

UNE fekk inn 7 029 saker i 2023. Av desse var 6 143 klagesaker frå UDI og 886 oppmodingar om omgjerjing. Dette utgjorde ein auke på 31 % frå 2022 og er det høgaste talet på saker sidan 2019, då vi fekk inn om lag like mange saker.

Omgjeringsoppmodingar utgjorde 12,7 % av dei innkomne sakene i 2023, mot 17,9 % i 2022 og 25,0 % i 2021.


Figur 2: Innkomne saker 2020–2023 (alle saksgrupper)



Arbeid/opphald utgjorde den største av 7 saksgrupper¹ med 1 970 innkomne saker, følgd av familieinnvandring (1 141) og asyl (1 071), sjå figur 3.

¹ Saksgruppa arbeid/opphald inneheld sakstypar som arbeidssaker, studieløyve, permanent opphaldsløyve, EØS-løyve og sesongarbeidsløyve. Saksgruppa andre saker inneheld m.a. reisedokument, asylfornyng, visum og «nekte innreise».

Figur 3: Innkomne saker i 2023 etter saksgruppe




3.1.2 Behandla saker

Talet på behandla saker


UNE behandla 5 743 saker i 2023, noko som er 4,3 % meir enn i 2022. Av desse var 4 790 klagesaker, mens 948 var oppmodingar om omgjeriing. Omgjeringsoppmodingar utgjorde dermed 16,5 % av dei behandla sakene, noko som er ein nedgang frå 25,2 % i 2021 og 20,5 % i 2022. I tillegg blei 94 saker lagde bort.

Figur 4: Behandla saker 2020–2023 (alle saksgrupper)



Arbeid/opphald utgjorde den største gruppa av dei behandla sakene, med 1 567 saker, opp frå 1 343 saker i 2022. Asyl var den nest største saksgruppa med 940 saker. Deretter kom utvisiing med 865 saker.

Figur 5: Behandla saker i 2023 etter saksgrupper




3.1.3 Avgjerdsform

I alt blei 235 saker avgjorde i nemndmøte i 2023, tilsvarande 4,1 % av alle behandla saker.² I 2020, 2021 og 2022 utgjorde saker behandla i nemndmøte høvesvis 3,8 %, 5,7 % og 4,7 %.

Av dei 235 sakene som blei behandla i nemndmøte i 2023, blei 194 behandla *med* frammøte, altså med klagaren til stades (83 %), mens 41 var *utan* frammøte (17 %). Ingen saker blei avgjorde i stornemnd i 2023.

Figur 6: Behandla saker 2023 etter avgjerdsform




Tilbakekalling utgjorde den største gruppa saker som blei avgjorde i nemndmøte i 2023, med 94 saker. Dette heng saman med at det er obligatorisk nemndmøte med personleg frammøte i klagesaker om tilbakekalling av statsborgarskap. 56 saker som gjaldt tilbakekalling av statsborgarskap, blei avgjorde i nemndmøte i 2023. For andre tilbakekallingssaker var prosentdelen

² I nokre nemndmøte behandlar nemnda fleire enn éi sak. Talet på saker som er behandla i nemndmøte for eit år, er derfor alltid høgare enn talet på vedtak som er gjorde i nemndmøte. I 2023 heldt UNE 157 nemndmøte, som omfatta 223 saker. Tala for saker som har blitt behandla i nemndmøte i løpet av eit år, og tala for formelle avgjerder / vedtak kan avvike noko frå kvarandre. Det er fordi dei formelle vedtaka blir skrivne i etterkant av nemndmøta og det derfor hender at nemndmøte og vedtak blir registrerte i kvart sitt kalenderår.

som gikk i nemndmøte, på 11,9. Asylsaker utgjorde den nest største gruppa med 62 saker avgjorde i nemndmøte (6,6 %), etterfulgte av 42 utvisingssaker (4,9 %).

Figur 7: Behandla saker i nemndmøte 2023 etter saksgruppe




3.1.4 Saksbehandlingstider

Gjennomsnittlig saksbehandlingstid var 154 dager samla for alle saksgrupper i 2023, mot 168 dager i 2021 og 166 dager i 2022. *Tilbakekalling* og *andre saker*³ var dei to saksgruppene med lengst gjennomsnittlig saksbehandlingstid, høvesvis 247 dagar og 205 dagar. I den andre enden av skalaen finn vi statsborgarskap og arbeid/opphald med høvesvis 85 dagar og 109 dagar, jf. figur 8 nedanfor. Tala inkluderer både klagesaker og omgjeringsoppmodingar.

Samanlikna med 2022 gjekk saksbehandlingstida ned for alle dei sju hovudsaksgruppene.

³ Til denne saksgruppa høyrer reisedokument, visum, «nekte innreise», asylfornyng og enkelte andre mindre sakstyper.


Figur 8: Gjennomsnittlig saksbehandlingstid 2023 etter saksgruppe



Totalt hadde saker avgjorde i nemndmøte ei gjennomsnittlig saksbehandlingstid på 325 dager, mot 302 dager i 2022. Av disse ser vi at saker som er avgjorde i nemndmøte utan personleg frammøte, dreg opp snittet med ei gjennomsnittlig saksbehandlingstid på 390 dager. Saker avgjorde i nemndmøte med personleg frammøte hadde ei gjennomsnittlig saksbehandlingstid på 307 dagar.

Saker avgjorde av nemndleiaren etter førebuing frå sekretariatet hadde ei gjennomsnittlig saksbehandlingstid på 155 dagar, mens det tilsvarende talet for saker der avgjerda blei teken i sekretariatet, var 97 dagar.

Figur 9: Gjennomsnittlig saksbehandlingstid etter avgjerdsform 2023




3.1.5 Omgjering av tidlegare vedtak i UDI og UNE

I 2023 gjorde UNE om tidlegare vedtak i 1 009 av dei behandla sakene, tilsvarende 17,6 %. Dette var om lag på same nivå som i 2022 (17,9 %). Tilsvarende del for 2021 var 16,6 %.

For asylsakene utgjorde denne delen 20,8 %, mens han for utvisning var 25,0 %. I saker om tilbakekalling var tilsvarende del 21,2 %. I 2023 var omgjeringsprosenten for klagesaker 14,0 %, mens han for omgjeringsoppmodingar var på 35,0 %.

Figur 10: Delen av UNE-vedtaka der tidlegare vedtak blei gjorde om, etter saksgruppe, 2023




Når det gjeld saker som blei avgjorde i nemndmøte, var delen omgjeringsar på 56,6 %, under dette 68,3 % for saker avgjorde i nemndmøte utan personleg frammøte og 54,1 % for saker avgjorde i nemndmøte med personleg frammøte. Tilsvarande prosentdelar for saker som blei avgjorde av nemndleiaren og av sekretariatet, var høvesvis 15,8 % og 16,6 %.

Tabell 2: Talet på behandla saker etter avgjerdsform, og delen av desse der dei tidlegare vedtaka er gjorde om

Behandla saker etter avgjerdsform 2023	Talet på behandla saker	Delen omgjorde vedtak
Nemndmøte med personleg frammøte	194	54,1 %
Nemndmøte utan personleg frammøte	41	68,3 %
Nemndleiar etter førebuing frå sekretariatet	4 670	15,8 %
I sekretariatet	828	16,6 %

Figuren nedanfor viser utfallet av realitetsbehandla asylsaker for dei 5 nasjonalitetane med flest avgjerder i 2023. Iran, som var nasjonaliteten med flest avgjerder, hadde ein omgjeringsprosent på 41 %, etterfølgd av Irak, som hadde ein omgjeringsprosent på 34 %.

Figur 11: Utfallet av realitetsbehandla asylsaker 2023 fordelt på dei 5 største nasjonalitetane



3.1.6 Ubehandla saker

Talet på saker

Talet på ubehandla saker auka med 1 106 saker frå 31.12.2022 til 31.12.2023, og enda på 3 582 saker. Auken utgjør 45 %. Med unntak av saker om statsborgarskap har alle saksgrupper hatt ein auke i beholdninga gjennom 2023. Det er arbeid/opphald som har auka mest i absolutte tal (381 saker), mens saker om familieinnvandring har hatt den største relative auken (90 %).

Tabell 3: Ubehandla saker (inkludert omgjøringsoppmodingar) per 31.12. fordelt etter saksgruppe


	31.12.2021	31.12.2022	31.12.2023
Asyl	489	376	494
Andre saker	330	410	581
Arbeid/opphald	503	579	960
Diverse	-	7	-
Familieinnvandring	294	349	663
Statsborgarskap	334	112	112
Tilbakekalling	301	252	305
Utvising	384	391	464
SUM	2 635	2 476	3 582

Alderen på dei ubehandla sakene

Gjennomsnittsalderen på den samla beholdninga av ubehandla saker er tilnærma uendra frå 31.12.2022 til 31.12.2023. Mens sakene ved førre årsskifte var 156 dagar gamle, var dei ved dette

årsskiftet 155 dagar. Det er saker om utvising og tilbakekalling som har den høgaste gjennomsnittsalderen, høvesvis 209 dagar og 201 dagar.

Figur 12: Gjennomsnittsalderen på dei ubehandla sakene (klager og omgjæringsoppmodingar) fordelte på saksgrupper per 31.12.2023



3.1.7 Rettssaker / rettskraftige dommar

Når UNE opprettheld eit avslag frå UDI, er det eit endeleg vedtak etter forvaltningslova. Det er då mogleg å saksøkje staten ved UNE med påstand om at domstolen skal kjenne UNE-vedtaket ugyldig. Avhengig av sakstype og søksmålsgrunnlag kan domstolen kjenne eit vedtak ugyldig på grunn av mellom anna saksbehandlingsfeil, feil bevisvurdering, feil bruk av lova eller at vedtaket er grovt urimeleg eller uforholdsmessig.

Motivet for ein eventuell anke frå staten kan vere knytt til kva utfallet har å seie for seinare saker. Når det gjeld anke frå tingretten til lagmannsretten, kan det også vere at UNE ankar dersom vi er usamde i dei faktiske eller rettslege vurderingane til retten i den konkrete saka. UNE ankar derfor ikkje først og fremst på grunn av utfallet, men på grunn av premissane.

Staten ved UNE fekk 35 rettskraftige dommar i 2023 (både tingretten og lagmannsretten). Av desse fekk staten medhald i 23 (66 %), mens saksøkjaren fekk medhald i 12 (34 %) av dommane. Tilsvarende tal for 2022 var 53 rettskraftige dommar, der staten fekk medhald i 29 dommar (55 %) og saksøkjaren i 24 dommar (45 %).

Tabell 4 viser talet på hovudforhandlingar og dagar i retten for åra 2018–2023.⁴ I 2023 var UNE 150 dagar i retten, mot 155 i 2022 og 224 i 2020. Det gjennomsnittlege talet på dagar i retten per sak var 2 i 2023, omtrent det same som i 2022.

⁴ Tala baserer seg på manuelle registreringar og kan vere noko lågare enn dei reelle.

Tabell 4: Rettssaksarbeid 2018–2023

	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Talet på hovudforhandlingar	143	150	121	102	68	64
Talet på dagar i retten	331	360	261	224	155	150

3.2 Rapportering i samsvar med tildelingsbrevet for 2023, verksemdsinstruksen osv.

3.2.1 Mål 1: Klagarar får saka si korrekt behandla utan ugrunna opphald

UNE skal gi ei kort vurdering av den antekne effekten aktivitetane og resultata i verksemda har hatt på målet.

UNE har i 2023 oppretthalde dei høge kvalitetskrava vi stiller for å sikre ei korrekt og rettssikker behandling av alle saker. UNE legg vekt på å ha svært kompetente medarbeidarar og gode rammer som støttar opp under kvaliteten i saksbehandlinga.

Når det gjeld saksbehandlingstid, gjekk den gjennomsnittlege behandlingstida for ferdigbehandla saker samla sett ned frå 166 dagar i 2022 til 154 dagar i 2023. Ho gjekk ned for alle dei sju hovudsaksgruppene, jf. punkt 3.1.4.

Likevel har utviklinga gjennom 2023 vore negativ med tanke på kor stor behaldninga av ubehandla saker er. UNE auka saksavviklinga med om lag 240 saker frå 2022 til 2023, men saksinngangen blei vesentleg større enn i 2022, og auka med 31 % (frå ca. 5 350 saker i 2022 til ca. 7 030 i 2023). Talet på saker blei også mykje høgare enn det gjeldande prognosar tilsa ved inngangen til 2023.

Som følgje av dette auka den samla behaldninga av saker til behandling med ca. 1 100 saker gjennom året, frå 2 476 per 31.12.2022 til 3 582 per 31.12.2023. Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida blei derfor gradvis lengre gjennom 2023: frå 139 dagar i 1. tertial, til 148 dagar i 2. tertial og 169 dagar i 3. tertial. Auken i behaldninga vil også medverke til at saksbehandlingstidene vil auke ytterlegare i 2024.

UNE har i 2023 hatt ein ambisjon om å redusere talet på saker som ligg i behaldninga i over eitt år. Dette har vi ikkje lukkast med. Vi har likevel klart å halde talet på saker relativt stabilt (frå 268 saker ved inngangen av året til 264 ved utgangen) i ein situasjon der totalbehaldninga har vore aukande. Samtidig har gjennomsnittsalderen på den samla behaldninga halde seg på om lag same nivå (frå 156 dagar per 31.12.2022 til 155 dagar per 31.12.2023).

3.2.2 Styringsparameter 1 – saksbehandlingstid for asylklagesaker

Tabell 5: SP1 – saksbehandlingstid for asylklagesaker

Styringsparameter frå tildelingsbrev	Resultatkrav/ambisjonsnivå	Resultat
SP 1 – saksbehandlingstid i asylklagesaker	Førstegongssøknader om asyl skal behandlast så raskt som mogleg. Saksbehandlingstida i UNE skal vere under 120 dagar (4 md.) for minst 70 % av sakene, samtidig som alderen på den gjenverande porteføljen ikkje går opp (gjennomsnitt per 31.12.2022). Resultatkravet omfattar ikkje omgjeringsoppmodingar.	64,4 prosent av sakene blei ferdigbehandla på under 120 dagar. Alderen på den gjenverande porteføljen gjekk ned med 10 dagar.

UNE nådde ikkje resultatkravet som var sett for asylklagesaker for 2023. 64,4 % av dei behandla førstegongssøknadene om asyl hadde ei saksbehandlingstid på under 120 dagar. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for klagesakene var 128 dagar. Gjennomsnittsalderen på behaldninga av ubehandla klagesaker har gått ned frå 132 dagar til 116 dagar. Porteføljen av klagesaker auka frå 138 til 333 saker gjennom året.

3.2.3 Nærare om statusen på porteføljen for asylklagesaker (SP1)

I omtalen av styringsparameter 1 i tildelingsbrevet står det:

Saksbehandlingstid i asylsaker er en vesentlig indikator på måloppnåelse knyttet til målet om at klagere skal få saken behandlet «uten ugrunnet opphold».

Kort saksbehandlingstid legger grunnlag for rask retur av personer uten beskyttelsesbehov, noe som fører til at det blir mindre attraktivt for personer uten beskyttelsesbehov å søke asyl i Norge. Asylsøkere som etter kort tid får omgjort sitt vedtak av UNE kommer også raskere inn i et integreringsløp, herunder mulighet til raskere å komme i gang med utdanning/arbeid. Kort saksbehandlingstid kan videre gi reduserte utgifter til mottak, forutsatt at vedtakene blir effektivt (retur/ bosetting).

Til årsrapporten ber departementet om at UNE redegjør for status og utvikling i porteføljen av alle asylklagesaker, herunder problemstillinger knyttet til saksbehandlingstider, omfang av og alder på ubehandlede saker, prioriteringer innenfor saksporteføljen, samt gjør en helhetlig vurdering av måloppnåelsen.

Med asylklagesaker meiner vi her alle klagesaker knytte til asylfeltet/beskyttelse, inkludert ikkje-realitetsbehandla saker, der Dublin-sakene⁵ er den viktigaste undergruppa.

UNE fekk inn 1 071 asylsaker i 2023. Av desse var 811 klagesaker og 260 omgjeringsoppmodingar. Vi gjorde 940 vedtak, 610 av desse i klagesaker. I tillegg la vi bort 8 saker. Dette har gjort at porteføljen


⁵ «Dublin-sak» inneber at ein vurderer om eit anna europeisk land skal behandle asylsøknader frå personar som har blitt registrerte eller har fått visum i eit anna land enn Noreg. Dette blir regulert gjennom eit felles europeisk regelverk som blir kalla Dublin-forordninga.

av klagesaker auka frå 138 til 333 saker. Samtidig har gjennomsnittsalderen på porteføljen av klagesaker gått ned med 10 dagar, frå 132 dagar per 31.12.2022 til 116 dagar per 31.12.2023.

Gjennomsnittsalderen på porteføljen av oppmodingar om omgjeriing i asylsaker var svært høg ved inngangen til 2023 (nærare 300 dagar). For å unngå at han blei endå høgare, arbeidde vi behaldninga av omgjeringsoppmodingar ned frå 230 til 161. Samla var behaldninga av asylsaker på 494 saker per 31.12.2023.

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for asylsaker samla var 178 dagar, ned frå 189 i 2022. For klagesaker var ho 128 dagar, mens ho for omgjeringsoppmodingar var 273 dagar, jf. figur 13.

Figur 13: Utviklinga i gjennomsnittleg saksbehandlingstid for asylsaker dei siste tre åra



Tabell 6: Ubehandla asylsaker per 31.12. dei siste tre åra

Sakstype	31.12.2021	31.12.2022	31.12.2023
Asylsaker samla	489	376	494

Realitetsbehandla saker

Av alle realitetsbehandla asylsaker i 2023 utgjorde klagesakene 44 %, mens omgjeringsoppmodingar utgjorde resten, altså 56 %. Av dei 610 asylklagesakene som blei behandla i 2023, blei 250

realitetsbehandla. Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida for desse sakene gjekk opp med 12 dagar, frå 173 dagar i 2022 til 185 dagar i 2023. 7,6 % blei behandla i nemndmøte.

Talet på innkomne saker i 2023 var 356. Dermed auka talet på ubehandla saker frå 108 til 218. Samtidig gjekk gjennomsnittsalderen på desse ned med 32 dagar, frå 151 til 119 dagar.

Dei tre landporteføljane med flest realitetsbehandla klagesaker i 2023 var Georgia (23), Tyrkia (23) og Somalia (22).

UNE fekk inn 260 og realitetsbehandla 319 omgjeringsoppmodingar, slik at vi her fekk behaldninga ned med ca. 60 saker. Her var omgjeringsdelen 38 %. 13 % av sakene blei behandla i nemndmøte. Landporteføljane med flest realitetsbehandla omgjeringsoppmodingar var Iran (93), Irak (44) og Afghanistan (35).

UNE hadde i 2023 berre omgjeringsoppmodingar knytte til Gaza, dvs. ingen klagesaker. UNE prioriterte både nye og eldre omgjeringskrav knytte til Gaza frå og med november 2023.

UNE fekk inn 108 klagesaker der Ukraina var nasjonalitet, i 2023. Berre 6 av desse var saker til realitetsbehandling. Dei resterande 102 sakene var Dublin- og «trygt tredjeland»-saker.

Ikkje-realitetsbehandla saker

360 av dei behandla asylklagesakene var i kategorien «ikkje-realitetsbehandla saker». Det vil seie at dei blei kategoriserte som Dublin-saker eller «trygt tredjeland»-saker. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for desse sakene var 84 dagar, ned frå 121 dagar i 2022. 9 behandla saker av denne typen var omgjeringsoppmodingar.

UNE fekk 449 Dublin-klagesaker frå UDI i 2023, mot 119 i 2021 og 162 i 2022. Dette har medverka til at talet på ubehandla saker auka frå 30 ved inngangen av året til 115 ved utgangen, mens gjennomsnittsalderen på denne underporteføljen gjekk opp frå 63 dagar til 110 dagar i den same perioden.

2023 har vore kjenneteikna av ein svært ujamn inngang av Dublin-saker frå UDI. Mars og april stod åleine for nesten halvparten av dei innkomne sakene. Dette skaper utfordringar for god saksflyt, planlegging og fleksibilitet i UNE.

Dei tre største returlanda for dei behandla klagene i Dublin-saker og «trygt tredjeland»-saker i 2023 var Polen (99), Tyskland (58) og Spania (53).

Nærare om vurdering av utsett iverksetjing i Dublin-saker

UNE fekk 585 krav frå UDI om å vurdere utsett iverksetjing i samband med klager på Dublin-vedtak i 2023, og behandla 524. Talet på mottekne UIV-krav var langt høgare enn i 2021 og 2022, då vi fekk høvesvis 101 og 369.


Dublin III-forordninga, som kom i 2013, krev at to uavhengige instansar har vurdert ei Dublin-sak før personen det gjeld, kan uttransporterast til ansvarslandet. Politiets utlendingseining kan derfor ikkje

uttransportere før UNE har teke stilling til spørsmålet om utsett iverksetjing.⁶ Fordi det er mykje kortare kravfrist enn klagefrist når UNE får desse klagesakene, skjer dette i to ulike prosessar. Først blir UNE beden om å ta stilling til spørsmålet om utsett iverksetjing. Deretter blir klagesaka send over til UNE når ho er ferdigbehandla av UDI – så sant UDI opprettheld det tidlegare vedtaket sitt. Det er med andre ord avgjerande for flyten i utlendingskjeda at UNE tek ei rask avgjerd om utsett iverksetjing, ettersom dette legg til rette for rask retur og effektivitet i heile kjeda. For at asylkjeda skal nå målet om rask retur av personar utan grunnlag for lovleg opphald, prioriterer UNE derfor å ta raskt stilling til spørsmålet om utsett iverksetjing (UIV).

Den todelte prosessen inneber at ein stor del av ressursinnsatsen i desse sakene for UNE sin del skjer i samband med vurderinga av UIV, og at vi kan basere oss på dette arbeidet når (og dersom) vi får sjølve klagesaka frå UDI. I kor stor grad vi kan gjere oss nytte av arbeidet, avheng likevel av kor lang tid det tek før vi får klagesaka frå UDI, ettersom den tidsmessige «ubalansen» mellom UIV-vurderinga og klagesaksbehandlinga gir eller kan gi meirarbeid fordi vi ikkje kan byggje direkte på UIV-vurderinga vår.

Saksinngangen for «UIV Dublin»-vurderingar (585 krav) har i 2023 vore mykje større enn saksinngangen for Dublin-klagesaker. I tillegg har UIV-saksinngangen vore relativt ujamn i 2023, jf. figur 14 nedanfor. Dette har gjort det utfordrande å få til effektiv ressursbruk og jamn saksflyt i UNE i 2023.

Figur 14: Innkomne Dublin UIV-saker 2021–2023 per måned



⁶ Det følgjer av utlendingslova § 90 tredje ledd siste setning at Utlendingsdirektoratets vedtak ikkje kan setjast i verk «før Utlendingsnemnda har tatt stilling til begjæringen om utsatt iverksetting eller behandlet klagen på vedtaket».

3.2.4 Styringsparameter 2 – storleiken og alderen på behaldninga av ubehandla opphaldsklagesaker

Tabell 7: SP2 – storleiken og alderen på behaldninga av ubehandla opphaldsklagesaker

Styringsparameter frå tildelingsbrev	Resultatkrav/ambisjonsnivå	Resultat
SP 2 – storleiken og alderen på behaldninga av ubehandla opphaldsklagesaker)	Behaldninga av ubehandla opphaldsklagesaker skal reduserast med minst 200 saker i løpet av året, samtidig som alderen på den gjenverande porteføljen ikkje går opp (gjennomsnitt per 31.12.2022). Resultatkravet omfattar ikkje omgjeringssoppmodingar.	Behaldninga auka med ca. 1 050 saker. Alderen på den gjenverande porteføljen gjekk opp med 11 dagar.

UNE lukkast ikkje i å oppfylle dette resultatkravet. Behaldninga av opphaldsklagesaker auka med ca. 1 050 saker, frå ca. 1 820 per 31.12.2022 til ca. 2 870 per 31.12.2023. Gjennomsnittsalderen på behaldninga av ubehandla klagesaker auka med 11 dagar, frå 132 dagar per 31.12.2022 til 143 dagar per 31.12.2023.

Resultatkravet/ambisjonen om å redusere behaldninga av opphaldsklagesaker var basert på at prognosen frå Berekningsgruppa for utlendingsforvaltninga (BGU) frå oktober 2022 tilsa at det ville komme inn 3 740 opphaldsklagesaker, og at UNE dermed skulle behandle 3 940 saker.

UNE behandla 4 180 opphaldsklagesaker, altså ca. 240 meir enn planlagt. I tillegg la vi bort 81 saker. Men vi fekk inn 5 330 opphaldsklagesaker frå UDI, over 1 300 fleire saker enn det prognosen tilsa på planleggingstidspunktet.

3.2.5. Nærare om statusen på porteføljen for opphaldssaker (SP2)

I omtalen under styringsparameter 2 i tildelingsbrevet står det:

UNE skal i rapporteringen redegjøre for status og utvikling i porteføljen av oppholdssaker (inkludert utvisnings- og tilbakekallssaker). Det skal legges vekt på saksbehandlingstid, omfang og alder på ubehandlede saker, samt prioriteringer og utfordringer innenfor saksporteføljen.

Opphaldssaker samla


Omgrepet opphaldssaker rommar alle saker som UNE ikkje kategoriserer som asylsaker. I 2023 fekk UNE inn 5 958 saker i denne kategorien. Av desse var 5 330 klagesaker og 628 omgjeringssoppmodingar. UNE behandla 4 803 opphaldssaker, av desse 4 180 klagesaker og 620 omgjeringssoppmodingar. I tillegg la vi bort 85 opphaldssaker. Behaldninga av opphaldssaker i UNE auka dermed med ca. 1 070 saker, frå ca. 2 030 til ca. 3 080. Tabellen nedanfor viser talet på ubehandla opphaldssaker per 31.12 dei siste tre åra.

Tabell 8: Ubehandla opphaldssaker per 31.12. dei siste tre åra

Sakstype	31.12.2021	31.12.2022	31.12.2023
Opphaldssaker	2 148	2 033	3 083


Gjennomsnittsalderen på den samla beholdninga av opphaldssaker (klager og omgjeringsoppmodingar) har gått opp frå 142 dagar per 31.12.2022 til 151 dagar per 31.12.2023. Ved utgangen av 2023 var det utvisingssaker som hadde høgast gjennomsnittsalder, med 209 dagar, sjå figur 15.

Figur 15: Alderen på ubehandla opphaldssaker (inkl. omgjeringsoppmodingar) per saksgruppe per 31.12.2022 og 31.12.2023



Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida gjekk ned frå 2022 til 2023, både for klagesaker og for omgjeringsoppmodingar. Samla sett gjekk gjennomsnittet ned frå 163 dagar i 2022 til 149 dagar i 2023, jf. figur 16.

Figur 16: Utviklinga i gjennomsnittleg saksbehandlingstid for opphaldssaker dei siste tre åra



Utvising

I 2023 fekk UNE inn 953 utvisingssaker, der 718 (75 %) var klagesaker og 235 (25 %) var omgjøringsoppmodingar. UNE behandla 865 saker. Av desse var 650 klagesaker og 214 omgjøringsoppmodingar. I tillegg la vi bort 5 saker. Talet på ubehandla saker auka dermed med 80, frå 382 til 462. Gjennomsnittsalderen på porteføljen som er igjen, gjekk opp frå 179 til 209 dagar.

Totalt blei 218 utvisingssaker heilt eller delvis gjorde om, det vil seie 25 % av sakene. 4,9 % av sakene blei behandla i nemndmøte.

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid var 149 dagar, ned frå 163 dagar i 2022. For klagesakene gjekk saksbehandlingstida ned frå 174 dagar i 2022 til 160 dagar i 2023, mens tilsvarende tal for omgjøringsoppmodingane var høvesvis 131 og 106 dagar.

Vi viser elles til omtale under punkt 3.2.9, der vi gjer greie for styringsparameter for utvisingsklagesaker.

Familieinnvandring

I 2023 fekk UNE inn 1 141 familieinnvandringssaker, mot 563 i 2022. Av dei 1 141 var 1 039 klagesaker (91 %) og 102 omgjøringsoppmodingar (9 %). Talet på innkomne klagesaker frå UDI var mykje høgare enn dei tre førre åra; UNE fekk høvesvis 677, 546 og 477 slike saker i 2020, 2021 og 2022.

Saksinngangen har vore ujamn gjennom året, og mykje større enn det prognosane tidlegare på året tilsa. Dette har medverka til at talet på ubehandla familieinnvandringssaker har blitt meir enn fordobla, frå 323 per 31.12.2022 til 664 per 31.12.2023, sjølv om UNE behandla fleire klagesaker i 2023 enn året før.

Samla sett har UNE behandla 781 familieinnvandringssaker i 2023, mot 527 i 2022. Av desse 781 var 677 (86,7 %) klagesaker og 103 (13,3 %) omgjeringsoppmodingar. I tillegg la vi bort 19 saker. Saker som blei avgjorde i nemndmøte, utgjorde 0,9 %.

Talet på omgjorde saker i 2023 var 146, noko som gir ein omgjeringsprosent på 18,7 %. Nokre omgjeringar kjem av at vilkåret UDI avslo på, blei innfridd før UNE behandla klaga. Dermed blei saka returnert for at UDI skulle ta stilling til andre vilkår.

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid var på 171 dagar for klagesaker og omgjeringsoppmodingar samla, ned frå 174 dagar i 2022. For klagesaker var behandlingstida på 177 dagar (opp frå 164 dagar i 2022), mens ho for omgjeringsoppmodingar var på 131 (ned frå 210 dagar i 2022). Den store auken i behaldninga av familieinnvandringssaker gjennom 2023 vil likevel gjere at saksbehandlingstida for familieinnvandringssaker vil auke i tida framover.

Tilbakekall av løyve

Tilbakekallingsporteføljen er omtalt under punkt 3.2.10.

Statsborgarskap

I 2023 fekk UNE inn 506 statsborgarsaker – 443 klagesaker (87,5 %) og 63 omgjeringsoppmodingar (12,5 %). Dette var ein nedgang frå 2022, då vi fekk totalt 737 statsborgarsaker. Vidare behandla UNE 500 saker (ned frå 954 i 2022). Av desse var 433 klagesaker og 67 omgjeringsoppmodingar. 2,4 % av sakene blei behandla i nemndmøte. 2 saker blei lagde bort. Behaldninga av ubehandla statsborgarsaker heldt seg dermed tilnærma uendra (frå 108 saker per 31.12.2022 til 112 saker per 31.12.2023). Gjennomsnittsalderen på behaldninga gjekk likevel ned med 24 dagar, frå 146 til 122 dagar.

59 saker, dvs. 12 %, blei gjorde heilt eller delvis om.


Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i 2023 var 85 dagar, ned frå 109 dagar i 2022. Dette var i stor grad eit resultat av at vi fekk redusert behaldninga mykje i 2022.

Arbeid/opphald

Til denne saksgruppa høyrer mellom anna arbeidssaker, studieløyve, permanent opphaldsløyve, EØS-løyve og sesongarbeidsløyve. I 2023 fekk UNE inn 1 970 saker i denne saksgruppa. Dette var ein stor auke i forhold til 2022, då vi fekk inn 1 466 saker. 1 872 av sakene vi fekk i 2023, var klagesaker (95 %), mens 98 var omgjeringsoppmodingar.

UNE behandla til saman 1 567 saker i 2023, av desse 1 469 klagesaker. I tillegg la vi bort 47 saker. Det var arbeidssaker vi behandla flest av (497). Deretter følgde studieløyve (340) og permanent opphaldsløyve (264), sjå figur 17 nedanfor.

Figur 17: Behandla saker i saksgruppa arbeid/opphald i 2023 fordelt på ulike sakstypar



Behaldninga auka med 357 saker, frå 585 per 31.12.2022 til 942 per 31.12.2023. Det er likevel her ein del forskjellar mellom dei ulike delporteføljane. Det var sakstypen arbeidssaker som stod for mesteparten av auken: Denne sakstypen gjekk opp frå 209 til 487 saker. I gjennomsnitt har alderen på behaldninga av ubehandla saker gått ned frå 156 dagar per 31.12.2021 til 106 dagar per 31.12.2022.

Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida samla for klager og omgjeringsoppmodingar gjekk ned frå 137 dagar i 2022 til 108 dagar i 2023. For klagesakene var saksbehandlingstida på 111 dagar, mens ho for omgjeringsoppmodingane var 68 dagar. EØS-løyve hadde den lengste saksbehandlingstida av dei ulike sakstypane, med 291 dagar. Dette var likevel ein reduksjon i forhold til 2021 og 2022, då tilsvarande saksbehandlingstid var på høvesvis 348 dagar og 306 dagar. I motsett ende av skalaen kom sesongarbeidsløyve med 12 dagar og studieløyve med 51 dagar.

Gjennomsnittsalderen på den gjenverande porteføljen av arbeids-/opphaldssaker gjekk opp frå 108 dagar per 31.12.2022 til 117 dagar per 31.12.2023.

204 saker blei heilt eller delvis gjorde om, det vil seie 13 %. 2 av sakene blei behandla i nemndmøte (0,1 %).


Andre saker

Til denne saksgruppa høyrer mellom anna reisedokument, visum, «nekte innreise» og asylfornyng. I 2023 fekk UNE 916 saker i saksgruppa – 863 klagesaker og 53 omgjeringsoppmodingar.

Reisedokument var den største underkategorien med 286 innkomne saker, framfor visum (255) og «nekte innreise» (156).

UNE behandla 699 saker, av desse 636 klagesaker og 63 omgjeringsoppmodingar. Vi la bort 10 saker. Reisedokument var den største underkategorien, med 289 behandla saker, framfor visum (143) og «nekte innreise» (104), sjå figur 18 nedanfor.

Figur 18: Behandla saker i saksgruppa andre saker 2023 fordelte på ulike sakstypar



Den samla behaldninga av ubehandla saker auka gjennom 2023 med ca. 200 saker og var per 31.12.2023 på 594 saker. Det var visumsaker som stod for mesteparten av auken.

Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida samla for andre saker var på 205 dagar i 2023 (209 dagar for klagesaker og 168 dagar for omgjeringssoppmodingar), ned frå 213 dagar i 2022. Det var oppheving av innreiseforbud (39 behandla saker) som hadde den lengste saksbehandlingstida, med 359 dagar, mens bortvisning (25 saker) hadde 274 dagar som gjennomsnitt. For dei to største delporteføljane, reisedokument og visum, var saksbehandlingstida i snitt på 186 dagar for begge.

Gjennomsnittsalderen på den gjenverande porteføljen av andre saker gjekk opp frå 136 dagar per 31.12.2022 til 165 dagar per 31.12.2023.

Det var 104 saker, dvs. 14,9 %, som blei heilt eller delvis gjorde om. Av delporteføljane med ein viss storleik var asylfornyng (74 behandla saker) den einaste som hadde ein vesentleg større del omgjeringsar enn dette snittet, med 28,4 %.

Det var 2,3 % av sakene som blei behandla i nemndmøte.

3.2.6 Prioritering av mindreårige i behandlinga av asylsaker (01)

Oppdrag 1: UNE skal prioritere einslege mindreårige asylsøkjjarar og barnefamiliar i alle ledd i saksbehandlinga av asylsaker. Einslege mindreårige asylsøkjjarar er ei sårbar gruppe, og lang ventetid i desse sakene har særlege negative konsekvensar for dei det gjeld. Det er også ønskjeleg å korte ned ventetida for barnefamiliar.

Prioriteringa gjeld også omgjeringsoppmodingar der det er gitt utsett iverksetjing.

UNE har behandla relativt få saker som gjeld einslege mindreårige asylsøkjjarar (EMA), i 2023. Vi prioriterer saker med mindreårige asylsøkjjarar og barnefamiliar i alle ledd av saksbehandlinga.

I løpet av året behandla vi 66 saker, som gjaldt 61 personar, der klagaren hadde ført opp at hen var einsleg mindreårig asylsøkjjar på søknadstidspunktet. Sakene fordelte seg likt på klagesaker (33) og

omgjeringsoppmodingar (33). For omgjeringsoppmodingane var hovudtyngda av klagarane over 18 år då sakene blei behandla.

UNE prioriterer særleg dei av sakene der det *framleis* er eit vurderingstema om klagaren er einsleg mindreårig. Av dei til saman 66 sakene vi behandla i 2023, var det berre 25 saker der klagaren *framleis* var under 18 år etter eigne opplysningar då vi gjorde vedtaket vårt. Av desse var 23 klagesaker og to omgjeringsoppmodingar.⁷ Av dei 25 sakene var 12 realitetsbehandla asylsaker, 12 Dublin-saker og 1 «trygt tredjeland»-sak. Vi gjorde om 3 saker, og av desse var 2 realitetsbehandla asylsaker og 1 Dublin-sak. Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida i klagesakene var 97 dagar, mens ho for dei to omgjeringsoppmodingane var 36 dagar. Klagarar frå Afghanistan utgjorde den største nasjonaliteten. Dei fleste sakene (72 %) blei avgjorde av nemndleiar.

Vidare behandla UNE 199 saker tilhøyrande 65 barnefamiliar i saksgruppa asyl. Desse fordelte seg på 132 klagesaker (66 %) og 67 omgjeringsoppmodingar, tilhøyrande til saman 242 personar. 49 saker, som involverte 16 familiar, var såkalla «lengeverande barn»-saker. 8,2 % av desse sakene blei avgjorde i nemndmøte. Omgjeringsprosenten for «lengeverande barn»-sakene var på 82 % (40 saker).

Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida for dei til saman 199 barnefamiliesakene var 171 dagar, og dei 49 «lengeverande barn»-sakene hadde ei gjennomsnittleg saksbehandlingstid på 199 dagar.

3.2.7 Det beste for barnet som eit grunnleggjande omsyn i behandlinga av asylsaker (R1)

Rapporteringskrav 1: UNE skal gi ei særleg beskriving av korleis dei sikrar at det beste for barnet er eit grunnleggjande omsyn i behandlinga av asylsaker som vedkjem barn, jf. utlendingsforskrifta § 17-1 a.

Både ved generelle støttetiltak og i dei konkrete enkeltsakene jobbar vi breitt for å sikre det beste for barnet som eit grunnleggjande omsyn i sakene våre. UNE har ei ordning med ein rådgivande barnepsykolog som både gir rettleiing i behandlinga av enkeltsaker og opplæring i sentrale tema som barns utvikling og risiko- og sårbarheitsfaktorar. Vidare har vi eit internt barnefagleg nettverk med saksbehandlarar og nemndleiarar som jobbar aktivt for å sikre tilstrekkeleg barnefagleg kompetanse og likebehandling. I 2023 gjennomførte nettverket workshopar for dei sentrale porteføljane. Workshopane gir grunnlag for vidare forbetningsarbeid og for å byggje meir kunnskap om tema der barnefagleg kompetanse er relevant. Nytt i 2023 er at UNE har arrangert faglunsjar som eit lågterskeltilbod til saksbehandlarar og nemndleiarar der mellom anna barnefaglege problemstillingar har vore tema.

UNE har fleire faglege notat til støtte for behandlinga av saker som dreier seg om barn, til dømes om barnehelse. Vidare oppdaterer vi jamleg vedtaksmalar og standardtekst. I 2023 har UNE også brukt ein språkkonsulent for å sikre at malane både legg til rette for at det kan gjerast gode vurderingar av kva som er det beste for barnet, og for at informasjonen enklare kan vidareformidlast til barn.

UNE har i dei seinare åra også hatt fleire likebehandlingsmøte med tema relaterte til barn. I 2023 var tilleggstid for permanent opphaldsløyve som eit alternativ til utvising eit tema for likebehandlingsmøte. Vi hadde også likebehandlingsmøte om dei ulike tersklane ved utvising og

⁷ Vi tek atterhald om manglande datakvalitet i samband med identifiseringa av aktuelle saker på eit aggregert nivå.

opphald på humanitært grunnlag. I likebehandlingsmøta deltek saksbehandlarar, nemndleiarar og fagrådgivarar. Med bakgrunn i rettskjeldene og tidlegare vedtak vurderer møtet om vi har utfordringar med likebehandling eller kvaliteten elles i saksbehandlinga.

Nemndleiarane har eit eige årleg møteforum om høyring av barn for diskusjon og erfaringsutveksling. Vi jobbar også for å styrkje den barnefaglege kompetansen ved å invitere eksterne fagressursar og organisasjonar til UNE, i tillegg til at tilsette får delta på eksterne kurs og konferansar.

3.2.8 Mål 2: Alle som oppheld seg i Noreg, har avklart identitet og lovleg opphald

UNE skal gi ei kort beskriving av aktivitetane for verksemda og den antekne effekten desse har hatt på målet.

Avklart identitet

Identitetsproblematikk krev mykje ressursar og høg kompetanse i mange saker. UNE har i 2023 halde fram med å byggje brei kompetanse om ID-relaterte problemstillingar. Vidare har vi jobba med korleis vi kan gjere gode og konkrete ID-vurderingar i sakene. Gode maltekstar er eit viktig og effektivt verktøy i saksbehandlinga. Vi har derfor også gått gjennom fleire maltekstar om identitet i tillegg til interne styringsdokument om ID-arbeid.

Det er vanskeleg å måle ein konkret effekt av desse tiltaka, men vi meiner at dei har gitt auka bevisstgjerings, og at dei bidreg til rett kvalitet og likebehandling. Avklart identitet vil også mogleggjere rask retur.

Spørsmålet om identitet gjer seg også stadig oftare gjeldande som tema i rettssakene til UNE. Det gjeld i samband med søknader om opphaldsløyve som familieinnvandring og søknader om statsborgarskap, men også i saker om tilbakekalling og utvising. Retten ser ut til å angripe problemstillinga ulikt og med ulikt resultat, det finst ingen einsarta rettspraksis.

Når det gjeld ulike ID-verktøy som vil vere relevante ved avklaringa av identiteten i kvar enkelt sak, vil vi særleg framheve ansiktssamanlikningar og søk i valutaregisteret. UNE har i 2023 arrangert kurs for å auke kompetansen om ansiktssamanlikning, særleg blant saksbehandlarar og nemndleiarar som behandlar tilbakekallingssaker. UNE kan framleis berre be politiet om å søkje i valutaregisteret. Erfaringa frå 2023 er at politiet i ein del saker opplyser at dei er i tvil om dei har høve til å utlevere opplysningar frå registeret til UNE. Dette har medført lengre saksbehandlingstid. UNE støttar derfor forslaget om å endre valutaregisterlova § 6 slik at politiet får høve til å gjennomføre kontrollsøk når dei opptrer som utlendingsmyndigheit.

UNE har også i 2023 delteke i prosjektet *Modernisering av person* (ModPerson). Arbeidet her har resultert i at det i november 2023 blei innført eit nytt digitalt verktøy for ID-avklaring. Dette vil gjere det mogleg å registrere undersøkingar og vurderingar av identitet på ein meir strukturert måte enn i dag. Dette saksbehandlingsverktøyet vil bli vidareutvikla i 2024.

Lovleg opphald

UNE har også i 2023 bidrege i arbeidet med å iverksetje måla i den overordna returstrategien for 2023–2028, hovudsakleg ved å delta i møte der ein har arbeidd med konkrete handlingsplanar for retur til sentrale og viktige returland.

UNE har eit godt samarbeid med PU for at retur skal skje så raskt som mogleg. Det er etablert kontaktpunkt i både UNE og PU for å få rask avklaring der dette er nødvendig. Effekten av dette gode, løpande samarbeidet i samband med enkeltstående uttransporter er at det bidreg til rask retur.

UNE har også eit godt samarbeid med UDI og utanrikstenesta på returfeltet og deltok i 2023 på fleire møte og seminar.

I 2023 sette UDI/UNE, politiet og Skatteetaten i gang eit arbeid for å sjå til at utlendingsforvaltninga registrerer rette personopplysningar i det digitale saksbehandlingssystemet DUF. Formålet er at DUF skal dele rett informasjon med folkeregisteret. Ein har vidare halde fleire workshopar for å sjå korleis UDI og UNE kan forbetre rutiane sine for å melde falsk identitet til Skatteetaten. Dette er særleg aktuelt i tilbakekallingssakene. Vi ser at det er behov for meir samarbeid om omgrepsforståingar og felles rutinar. Dette arbeidet vil halde fram i 2024. Informasjonsflyt mellom etatar og rutinar for varslng til kontrollorgan som til dømes Skatteetaten og Nav er ei problemstilling som vi må sjå nærare på i tida framover. Det ser ut til å vere behov for tydeleggjering av rettslege grunnlag for informasjonsutveksling i enkelte sakstypar.

3.2.9 Styringsparameter 3 – utvisingsklagesaker

Tabell 9: SP3 – saksbehandlingstid for utvisingsklagesaker

Styringsparameter frå tildelingsbrev	Resultatkrav/ambisjonsnivå	Resultat
SP3 Saksbehandlingstid i utvisingsklagesaker	Utvisingssaker skal behandlast så raskt som mogleg. Saksbehandlingstida i UNE skal vere under 150 dagar (5 md.) for 70 % av sakene, samtidig som alderen på den gjenverande porteføljen ikkje går opp (gjennomsnitt per 31.12.2022). Resultatkravet omfattar ikkje omgjeringssoppmodingar.	62 prosent av sakene blei behandla under 150 dagar. Gjennomsnittsalderen på porteføljen gjekk opp frå 161 dagar til 169 dagar.

UNE nådde ikkje ambisjonen/resultatkravet som var sett for 2023 om at minst 70 % av utvisingsklagesakene skulle ha ei saksbehandlingstid på under 150 dagar. 62 % av dei 650 ferdigbehandla utvisingsklagesakene hadde ei saksbehandlingstid på under 150 dagar.

Vidare gjekk alderen på porteføljen opp i løpet av året, frå 161 dagar til 169 dagar. Også storleiken på porteføljen voks i løpet av året, frå 290 til 354 saker.

Generelt sett blir porteføljen rekna som ressurskrevjande, mellom anna fordi mange saker er knytte til ei tilbakekallingssak og derfor inngår i eit større og tidkrevjande sakskompleks. Vi har hatt uventa stor utskifting av erfarne medarbeidarar med utvisingskompetanse og har gjennom året jobba med å bygge opp denne kompetansen i større breidd for å bli mindre sårbare. Mellom anna derfor har vi ikkje fått til å redusere behaldninga i 2023 for dermed å kunne presse saksbehandlingstidene nedover. Vi vil jobbe vidare med å bygge opp kompetansen i større breidd på denne porteføljen i 2024.

3.2.10 Tilbakekallingssaker (R2)

Rapporteringskrav 2: UNE skal gi ei oversikt over statusen og utviklinga i porteføljen av tilbakekallingssaker, inkludert aktuelle problemstillingar knytte til saksbehandlingstider, utviklinga i omfanget av og alderen på ubehandla saker og prioriteringar, sjå SP 1.

UNE skal i tillegg gi ein særskild omtale av porteføljen av saker om tilbakekalling av statsborgarskap og tilbakekallingssaker der det ikkje er gitt eit anna løyve i tilbakekallingsprosessen. I tillegg skal UNE rapportere særskilt om talet på tilbakekallingssaker som er eldre enn eitt år, vurdere eventuelle kjenneteikn og utfordringar ved desse sakene og beskrive korleis UNE jobbar for å avklare dei.

UNE fekk totalt inn 469 saker i saksgruppa tilbakekalling i 2023. Dette var meir enn for kvart av dei tre åra før. 393 av sakene vi fekk, var klagesaker (84 %), mens 76 var omgjeringssoppmodingar (16 %).

Vidare behandla UNE til saman 391 saker om tilbakekalling. Av desse var 315 klagesaker (81 %) og 76 (19 %) omgjeringssoppmodingar. 2 saker blei lagde bort. 24,0 % av sakene blei behandla i nemndmøte. 21 % av sakene blei gjorde om. Somalia var den største nasjonaliteten, med 119 saker.

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid var 231 dagar, ned frå 267 dagar i 2022. Behaldninga auka likevel gjennom 2023, frå 242 per 31.12.2022 til 305 per 31.12.2023. Samtidig gjekk snittalderen på behaldninga ned frå 205 til 201 dagar.

Sjå også punkt 6 i statistikkrapporteringa i del VII av denne årsrapporten.

Nærare om tilbakekalling av opphaldsløyve etter utlendingslova § 63 og opphøyr etter utlendingslova § 37

UNE fekk inn 396 saker i desse to kategoriane i 2023 – 332 klagesaker og 64 omgjeringssoppmodingar. I same periode ferdigbehandla vi totalt 317 saker – 289 tilbakekallingssaker og 28 opphøyrssaker. Av tilbakekallingssakene (utlendingslova § 63) var 239 klagesaker og 50 omgjeringssoppmodingar. Av opphøyrssakene (utlendingslova § 37) var 17 klagesaker og 11 omgjeringssoppmodingar.

Av dei 317 sakene vi behandla ferdig, blei 38 saker avgjorde i nemndmøte (dvs. 11,9 %). Vidare blei 59 saker gjorde heilt eller delvis om (dvs. 18,6 %), 8 etter omgjeringssoppmodingar.

Saksbehandlingstida var i snitt på 268 dagar for klagesakene etter utlendingslova § 63 og på 541 dagar for klagesakene etter utlendingslova § 37. For begge sakstypene sett under eitt var den gjennomsnittlege saksbehandlingstida for klagesakene på 292 dagar.

Behaldninga av tilbakekallingssaker auka i løpet av 2023. Per 31.12.2022 var behaldninga 206 saker, mens ho per 31.12.2023 hadde auka til 271 saker, og då var gjennomsnittsalderen på sakene 206 dagar.

Over halvparten av tilbakekallingssakene UNE behandla, gjaldt feilaktige opplysningar, og om lag ein tredel av desse gjaldt feilaktige opplysningar om identitet. Dei fleste tilbakekallingssakene hadde fleire tilknytte saker som skulle behandlast samtidig. Av dei 317 ferdigbehandla sakene hadde 120 ei utvisingssak i tillegg.

I 26 saker innvilga UNE nytt opphaldsløyve i tilbakekallingsprosessen. Dei fleste fekk løyve etter utlendingslova § 38, og nokre fekk beskyttelseløyve etter utlendingslova § 28. I over 70 saker hadde klagaren fått eit nytt mellombels opphaldsløyve av UDI då UNE fekk klagesaka til behandling. I resten

av sakene var det anten ikkje aktuelt å gi noko nytt opphaldsløyve fordi UNE samtidig opprettheldt UDIs vedtak om utvising, eller det blei vurdert å gi nytt løyve etter § 28 eller § 38, men vilkåra blei ikkje rekna som oppfylte.

Ei utfordring i denne porteføljen er at mange saker er komplekse både ved at dei har fleire tilknytte saker, og ved at dei omfattar fleire familiemedlemmer. Dette gjer at det ofte er fleire ulike tema som må vurderast i sakene, noko som er tidkrevjande. Kompleksiteten i sakene speglar seg i at ein større del av sakene i denne porteføljen blir behandla i nemndmøte enn det som gjeld andre sakstypar i UNE. Det var dessutan ein større del av desse sakene som blei behandla i nemndmøte i 2023 samanlikna med året før (12,0 % i 2023 mot 8,7 % i 2022).

Særskilt om porteføljen tilbakekalling av statsborgarskap

UNE har i 2023 fått inn totalt 65 saker i denne delporteføljen – 52 klagesaker frå UDI og 13 omgjeringsoppmodingar. Klagesakene skal behandlast i nemndmøte med personleg frammøte, slik lova set fast. Dette gjer denne porteføljen ressurskrevjande å behandle.

Alle klagesaker i denne porteføljen blir prioriterte. UNE behandla ferdig 57 klagesaker i løpet av 2023. Det er omtrent like mange som året før. I 19 av dei 57 klagesakene vi behandla, følgde det også med ei utvisingssak. Talet på tilhøyrande utvisingssaker har dermed gått mykje ned (frå 34 i 2022). I tillegg behandla vi 15 omgjeringsoppmodingar.

I 27 av dei 57 klagesakene vi behandla, gav UDI tilsegn om nytt opphaldsløyve etter utlendingslova § 38. Vidare blei vedtaket om tilbakekalling gjort om i 21 av sakene. UNE gav eit nytt § 38-løyve i éi sak. Vidare viser tala at det i 10 av dei 57 klagesakene er gjort vedtak om tilbakekalling utan at personen det gjaldt, blei utvist eller fekk nytt løyve.

Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida for klagesakene har gått ned frå 265 dagar i 2022 til 172 dagar i 2023.

UNE har i 2023 blitt stemna i seks saker som gjeld tilbakekalling av statsborgarskap.

Særskilt om tilbakekallingssaker der det ikkje er gitt eit anna løyve i tilbakekallingsprosessen

Dei fleste tilbakekallingssakene som kjem til UNE, endar med at personane sakene gjeld, ikkje lenger har noko opphaldsløyve og derfor må forlate Noreg. I nokre saker gjer UNE om vedtaket frå UDI om tilbakekalling, slik at personane beheld opphaldsløyva sine. I sakene der UNE i tillegg til å kalle tilbake løyve gjer vedtak om utvising, ligg det føre grove brot på utlendingslova. I andre saker der det ikkje blir gitt eit nytt opphaldsløyve etter tilbakekalling, er årsaka at det ikkje ligg føre sterke menneskelege omsyn eller ei særleg tilknytning til Noreg.

Særskilt om tilbakekallingssaker som er eldre enn eitt år

Ved starten av 2023 hadde UNE 43 ubehandla tilbakekallingssaker som var eldre enn eitt år, inkludert 6 omgjeringssoppmødingar. Ved utgangen av året var dette talet redusert til 31. Av ubehandla klagesaker om tilbakekalling av statsborgarskap hadde vi ingen som var over eitt år gamle ved starten av året, mens vi hadde 3 slike saker per 31.12.2023.

Det som kjenneteiknar sakene som blir over eitt år, er ofte behovet for å innhente ytterlegare informasjon i form av verifiseringar ved ambassadar, ny landinformasjon, helseopplysningar eller opplysningar frå andre etatar som politiet og barnevernstenesta. Dette er ofte tidkrevjande prosessar. UNE har jobba systematisk for å redusere talet på saker over eitt år, gjennom tydelege prioriteringar og ved oppfølging av enkeltsakene.

3.2.11 Forbetring og effektivisering av verksemda (R3)

Rapporteringskrav 3: UNE skal jobbe systematisk for å forbetre og effektivisere verksemda, under dette samarbeide med dei andre verksemdene i utlendingsforvaltninga for å skape ein mest mogleg effektiv saksflyt. UNE skal i årsrapporten rapportere om korleis verksemda har jobba med dette i 2023.

Vi har valt å dele opp rapporteringa på dette rapporteringskravet. Under dette punktet rapporterer vi primært om korleis vi jobbar internt med å forbetre og effektivisere verksemda. Under punkt 3.2.12 rapporterer vi om prosjekt og prosessar som vi i hovudsak samarbeider med andre aktørar i migrasjonskjeda om. I den siste delen av punkt 3.2.13 Produktivitet kjem vi også inn på korleis vi jobbar for å betre effektiviteten i saksbehandlinga.

UNEpraksis

I 2023 tok vi i bruk UNEpraksis for alle sakstypar. UNEpraksis er eit eigenutvikla system for intern oversikt over forvaltningspraksis, der saksbehandlarane legg inn informasjon om vurderingane som ligg til grunn for avgjerdene til UNE. Deretter blir det henta inn data henta frå UDB (utlendingsdatabasen) og UNEpraksis, og desse blir så framstilte aggregert. UNEpraksis fremjar både likebehandling, datakvalitet og personvern.

Vi er også i gang med å utvikle ei ny løysing som skal gi betre oversikt over rettssakene våre.

LEAN-nettverket i UNE

UNE har sidan 2020 hatt eit LEAN-nettverk som jobbar med flyt- og forbetringsarbeid i prosessar på tvers. Det er flyt- og forbetringskoordinatoren vår som leier nettverket, som elles består av representantar frå alle ledd i organisasjonen. Gjennom 2023 har nettverket fått fleire ressursar i takt med endringar i organisasjonsstrukturen.

I 2023 har nettverket mellom anna analysert og sett i gang utprøving av ein forenkla prosess med éin signatur i utvalde sakstypar som ein no evaluerer og vurderer å utvide. Nettverket har vidare gjennomført fleire analysar og innført fleire tiltak for å auke fleksibiliteten, betre samhandlinga på tvers og auke kompetansebreidda. Dette har gitt god støtte til avgjerder.

Nettverket har også gått gjennom roller i saksflyten. Det har mellom anna definert og konkretisert ansvaret til lag-, fag- og landansvarlege og sett i gang møteforum for desse rollene for erfaringsdeling og kontinuerleg forbetring. Vidare jobbar ein kontinuerleg med forbetringar i den innleiande fasen av saksflyten – for å identifisere, avklare og behandle førespurnader/saker så tidleg som mogleg. I tillegg jobbar ein heile tida med å kutte unødvendige steg i prosessar og gjere dei meir standardiserte og einskaplege og med å kople på digital utvikling i større grad.

Andre tiltak og prosessar med sikte på forbetring og effektivisering

I UNE jobbar vi kontinuerleg med å forbetre og vidareutvikle vår eigen systemportefølje, mellom anna med ei løysing for nemndlogistikk. Løysinga opprettar nemndsamlingar og effektiviserer prosessen med å kalle inn alle partane til eit nemndmøte. I 2023 har vi sett i produksjon ei ny løysing der advokaten kan svare på innkalling til nemnd og gi tilbakemelding om behov for tolk med meir. Dette har fjerna ei rekkje manuelle prosessar. Vi har også forbetra prosessen for honorering av nemndmedlemmer, og vi har sett opp ein integrasjon mot leverandør for tinging av hotell for klagarar og nemndmedlemmer.

I juni 2023 gjekk UNE i dialog med JD for å sjå på moglegheita for å effektivisere og digitalisere prosessen med *oppnemning* av nye nemndmedlemmer. Det blei raskt klart at det var mykje å tene på å effektivisere prosessen for begge partar, og det blei semje om ein ny, forbetra prosess. UNE har starta arbeidet med å lage eit digitalt eigenerklæringsskjema som nyutnemnde nemndmedlemmer skal bruke. Dette skjemaet er integrert med UNEs system og vil gi mindre feil og ein meir effektiv prosess.

I tillegg har vi jobba vidare med å pilotere papirfrie nemndprosessar. Målet er at også nemndprosessane skal blir heil-digitaliserte. Vi kjem til å vidareutvikle løysinga framover – dette inkluderer tekniske oppgraderingar og prosessuelle tilretteleggingar.

I 2023 har vi gjennomført ei anskaffing for ny intern brukarstøtteteneste. Den gamle løysinga vår var utdatert og lite formålstenleg. Ny teneste skal etter planen utviklast i løpet av 2024.

Arbeidet med å effektivisere dokumentfangsten og auke grada av automatisering er noko vi har prioritert høgt i 2023, mellom anna gjennom å bruke skjemaløysinga vår fleire stader i organisasjonen. Vi har også fått sett opp ein integrasjon mot Jobbnorge som har bidrege til at vi har fått automatisert delar av rekrutteringsprosessen i UNE.

Vi har også orientert oss noko i marknaden for ulike KI-løysingar og starta ein prosess internt for å finne område der denne teknologien eventuelt kan hjelpe oss vidare med raskare og betre saksbehandlingsprosedyrar. Dette er eit område vi kjem til å jobbe vidare med i 2024.

3.2.12 Samarbeid i migrasjonsskjeda

Modernisert utlendingsforvaltning

UNE jobbar saman med UDI og resten av utlendingsforvaltninga med eit forprosjekt for å modernisere IT-systema og tenesteleveransane i utlendingsforvaltninga. Det er eit tydeleg behov for å sikre gode tenester for brukarane og effektiv samhandling og saksbehandling på tvers av utlendingsforvaltninga og for å etablere ein framtidsretta digital grunnmur som sikrar digital endringsevne. Første versjon av eit sentralt styringsdokument om modernisering av IKT i utlendingsforvaltninga blei levert i første kvartal, og ein ekstern kvalitetssikrar leverte deretter ein supplerande analyse av kontraktsstrategival og det sentrale styringsdokumentet med tilrådingar til høvesvis departementet og etatane for det vidare arbeidet.

Forprosjektet har gjennom 2023 jobba med å oppdatere styringsdokumentet fram mot endeleg oversending til departementet og neste KS2 (ekstern kvalitetssikring) våren 2024.

ID-samarbeid

UNE samarbeider med UDI, PU / lokalt politidistrikt, UD, Nasjonalt ID-senter og Landinfo. Samarbeidet med UDI skjer mellom anna på returfeltet og det internasjonale området (som EUAA) og gjennom ulike nettverk, som barnefagleg nettverk og ID-gruppa/-ansvarleg i UDI, jf. omtale under punkt 3.2.8. UNE er vidare høyringspart ved endringar i rundskriv og retningslinjer i UDI, i tillegg til at vi er kopimottakar på innspel/initiativ, praksisoppsummeringar o.l. frå UDI til departementet.

Vi har i 2023 også hatt eit omfattande samarbeid med UDI i samband med implementeringa av EUs informasjonssystem Smart Borders (Internasjonal portefølje) og då særleg SIS recast. Ei digital løysing for massebehandling av klagesaker og oppmodingar om utsett iverksetjing i UNE blei implementert i november 2023. Ei digital løysing for massebehandling av omgjeringsoppmodingar i UNE skal etter planen implementerast i februar 2024. Dette vil gjere det lettare for norske og europeiske myndigheiter å forhindre og avdekkje ulovleg opphald, og bidra til fleire returar av personar som oppheld seg ulovleg i Schengen-området. Vi viser elles til omtale under punkt 3.2.14 Schengen IKT-tilpassingar.

Eit anna prosjekt der vi har hatt mykje kontakt med UDI, er ModPerson. Samarbeidet har resultert i at det i november 2023 blei innført ei ny digital løysing for ID-avklaring. Løysinga gjer det mogleg å registrere undersøkingar og vurderingar av identitet på ein meir strukturert måte enn før. Vidare samarbeid med utviklings- og fagmiljø i UDI vil halde fram i 2024.

Nasjonalt ID-senter (NID)

UNE samarbeider med NID i samband med behandlinga av enkeltsaker, men også på overordna nivå. Vi deltek til dømes i ID-nettverket, som NID administrerer. Nettverket blei etablert i 2015 og består av 19 statlege etatar pluss Finans Norge. Møta i nettverket er viktige for utveksling av informasjon om kva identitet har å seie i det norske samfunnet. Her får UNE informasjon om viktig ID-arbeid mellom anna i Politidirektoratet (POD), Skatteetaten, Nav og UDI, for å nemne nokre sentrale aktørar. NID bidreg også til å heve kompetansen på ID-arbeid generelt ved å arrangere webinar og kurs retta mot utlendingskjeda. Det som har skapt behov for bistand i 2022 og 2023, er særleg konflikten i Ukraina og dei mange ukrainarane som har komme til Noreg. Det har både dreidd seg om generell informasjon om ulike typar dokument som blir nytta i Ukraina, og detaljert informasjon om konkrete dokument som har vore lagde fram i sakene våre. I desember 2023 arrangerte NID eit heildagseminar om Ukraina, der fleire frå UNE deltok.

Retursamarbeid

Som nemnt under punkt 3.2.8 har UNE ein god dialog og eit tett samarbeid med Politiets utlendingseining (PU) for at retur skal skje så raskt som mogleg. Saker der PU har behov for avklaring i samband med uttransportering, blir høgt prioriterte i UNE, og det er etablert kontaktpunkt i både UNE og PU for å få raske avklaringar. Eit effektivt og smidig retursamarbeid er også ein viktig føresetnad for at det over tid skal komme så få omgjeringssoppmodingar som mogleg til UNE.

Politiet skal rutinemessig sjekke om det er registrert ei uavklart omgjeringssoppmoding når det blir aktuelt å uttransportere ein utlending. Om det er tilfellet, prioriterer UNE høgt å vurdere om oppmodinga gir grunnlag for utsett iverksetjing.

Vi viser elles til forklaringa av UNEs rolle i returarbeidet under punkt 3.2.8.

Dublin-samarbeid

Dublin-einingane i PU, UDI og UNE har også i 2023 hatt mykje kontakt med jamlege etatsmøte. Kripos deltek også i desse møta. Samarbeidet er prega av god kommunikasjon, fleksibilitet og smidigheit, og lett tilgjengelege kontaktpersonar i Dublin-einingane. UNE har også i 2023 hatt løpande kontakt med PU ved behov for prioritering av saker med tanke på fristar som følgjer av Dublin-regelverket. I 2023 er det framleis mange land i Dublin-samarbeidet som opplever eit stort press på mottakskapasiteten, mellom anna på grunn av Ukraina-krisa. Italia melde i desember 2022 at landet stansar alle Dublin-returar inntil vidare. Denne returstansen har halde fram gjennom heile 2023. Vi viser elles til omtalen av arbeidet med Dublin-saker og krav om utsett iverksetjing under punkt 3.2.3.

Barnefagleg samarbeid

UNE tok i 2019 initiativ til å etablere eit barnefagleg forum for utlendingskjeda som kunne byggje vidare på samarbeidet knytt til barnefagleg kompetanse som utlendingsforvaltninga har hatt sidan 2017. Barnefagleg forum har som overordna formål å sikre eit barneperspektiv i praksis og å bidra til å skape kontinuitet og heilskap for barn som er direkte eller indirekte påverka av oppgåvene i migrasjonskjeda. Forumet ser etter effektive samhandlingsområde, er ein arena for informasjonsdeling og legg til rette for å utvikle og utnytte den barnefaglege kompetansen i kjeda. Forumet kan gi tilrådingar eller peike på observasjonar og behov for nye rutinar eller andre forbetringar. Forumet fungerer som eit knutepunkt, sikrar informasjonsflyt og har ei koordinerande rolle når det er behov for samarbeid.

Det har vore to møte i barnefagleg forum i 2023. Både PU, UDI, UNE, IMDi og UD deltek i møta. Sistnemnde møter når dagsordenen omhandlar samarbeid med departementet. Forumet har mellom anna teke opp problemstillingar knytte til tilbakekalling, jurisdiksjonen for barnekonvensjonen, rutinar ved uttransport / assistert retur, samhandling med barnevernstenesta og barnekonsekvensanalysar.

PU, UDI og UNE samarbeidde om å arrangere ein barnefagleg dag for heile kjeda 19. oktober 2023. Dagen blei halden på hotell Radisson Blu Scandinavia med 400 deltakarar, inkludert representantar for samarbeidande etatar og organisasjonar. Etatane planlegg ein ny barnefagleg dag i 2024.

UDI, PU og UNE har halde fram samarbeidet om implementeringa av nettsida *asylbarn.no*. Arbeidsgruppa gjennomførte ein to dagers workshop i november 2023 som eit ledd i arbeidet for å auke bruken av nettsida og gjere ho betre kjend for barna i asylprosessen. Gruppa samarbeider med DigiUng for å gjere *asylbarn.no* tilgjengeleg på ung.no. I tillegg vil eksterne aktørar som NOAS,

advokatar, NRK Skole og statsforvaltaren få informasjon og rettleiing om korleis asylbarn.no kan brukast.

3.2.13 Produktivitet (R4)

Rapporteringskrav 4: UNE skal beskrive oppnådd produktivitet i 2023. Rapporteringa skal innehalde ei heilskapleg vurdering av sentrale faktorar som har påverka produktiviteten, samanlikne produktiviteten med tidlegare år og dessutan gi ei vurdering av eventuelle tiltak som er sette i gang for å auke produktiviteten. Vurderinga skal følgjast av sentrale nøkkeltal som klargjer produktivitetsutviklinga.

Produktivitet målt i talet på saker per årsverk

Tabell 10 nedanfor viser talet på saker UNE har behandla dei tre siste åra (inkludert både klagesaker og omgjeringssoppmodingar), mens tabell 11 viser utviklinga i talet på årsverk. Vi behandla samla sett fleire saker i 2023 enn i kvart av dei to tidlegare åra. Talet på behandla saker i 2023 var 4 % over nivået for 2022.

Tabell 10: Behandla saker 2021–2023

Sakstype	2021	2022	2023	Endring i prosent 2021-2022	Endring i prosent 2022-2023
Asylsaker	960	847	940	-12 %	11 %
Oppholdssaker	3 741	4 655	4 803	24 %	3 %
Totalt	4 701	5 502	5 743	17 %	4 %

Talet på årsverk auka frå 186,2 i 2021 til 202,6 i 2022.⁸ Om lag dette nivået blei vidareført i 2023 med 203,9 årsverk. Tabellen nedanfor viser korleis årsverka dei tre siste åra har fordelt seg på ulike delar av verksemda. Tala viser snittet av årsverk gjennom året når deltid, permisjonar, sjukefråvær osv. er trekt frå.

Tabell 11: Årsverk 2021–2023 (gjennomsnitt for året)

Del av UNE	2021	2022	2023	Endring i prosent 2021-2022	Endring i prosent 2022-2023
Saksenhetene	93,6	109,2	108,3	17 %	-1 %
Nemndledere	16,4	15,3	14,9	-7 %	-3 %
SUM saksenheter+nemndle	110,0	124,5	123,2	13 %	-1 %
Prosedyreenheten	7,4	7,4	7,3	0 %	-1 %
Øvrige UNE	68,8	70,7	73,4	3 %	4 %
SUM UNE	186,2	202,6	203,9	9 %	1 %

⁸ I talet på årsverk for 2022 er 3,4 årsverk trekte ut på grunn av utlån til PU og JD i samband med krigen i Ukraina.

Tabell 12 nedanfor viser talet på behandla saker (uavhengig av sakstype og avgjerdsform) per årsverk i sakseiningane og nemndavdelinga samla for kvart av åra 2021–2023.⁹ Målt på denne måten utgjorde 2023 ein auke i årsverksproduktiviteten med 5 % i forhold til 2022. Målt mot alle årsverk i UNE var tilsvarande auke på 4 %.

Tabell 12: Behandla saker per årsverk for UNE totalt og for sakseiningar/nemndleiarar 2021–2023

Del av UNE	2021	2022	2023	Endring i prosent 2021-2022	Endring i prosent 2022-2023
Saksenhetene+Nemndled.	42,7	44,2	46,6	3 %	5 %
UNE totalt	25,2	27,2	28,2	8 %	4 %

Produktivitet målt i utgift per vektal og utgift per sak

Formålet med ei form for «vektal» er å kunne ta omsyn til at dei ulike avgjerdsformene og sakstypene er ulike når det gjeld kor ressurskrevjande dei er. Vekttala skal ikkje vere nokon fasit, men kan fange opp produktivitsutviklinga på ein litt annan måte enn om ein berre reknar ei sak for å vere ei sak. Vekttala blir rekna ut ved at vedtaka i UNE blir vekta på denne måten (jf. punkt 8.2 i tildelingsbrevet for 2023):

Tabell 13: Vekting av vedtaka i UNE (vektal)

Avgjerdsform	Vekt beskyttelsessaker	Vekt opphaldssaker
Stornemndmøte	6,382	6,382
Nemndmøte med personleg frammøte	1,276	0,895
Nemndmøte utan personleg frammøte	0,919	0,608
Avgjerd av nemndleiar utan nemndmøte	0,435	0,292
Avgjerd i sekretariatet	0,101	0,125

Tabell 14 nedanfor viser utviklinga i gjennomsnittskostnaden per sak (rad 4 og 5) og per berekna vektal (rad 8 og 9) dei siste tre åra. Dei rekneskapsførte driftsutgiftene for 2023 (inkluderer både post 01 og 21) har gått opp med ca. 4 % samanlikna med 2022, jf. rad 1. Men dette er nominelle tal, det vil seie at det ikkje er teke omsyn til lønns- og prisstigning. Justerer vi tala for prisstigning ved å bruke utviklinga i konsumprisindeksen (KPI), har det vore ein reduksjon på 2 % samanlikna med 2022, jf. rad 2 i tabellen.

Jamført med kor mange saker som er behandla i kvart av åra 2021–2023, får vi ein gjennomsnittleg nominell kostnad per behandla sak på 52 273 kroner for 2021, 49 405 kroner for 2022 og 49 012 kroner for 2023. Bruker vi KPI-justerte 2021-prisar, blir kostnaden per behandla sak 46 697 kroner for 2022 og 43 918 kroner for 2023, altså ein reduksjon med 11 % frå 2021 til 2022 og ein ytterlegare reduksjon med 6 % frå 2022 til 2023.

⁹ For at åra skal kunne samanliknast, er ikkje alle årsverk i saksavdelinga tekne med (m.a. FORS-eininga er halden utanom). For nemndavdelinga er det berre nemndleiarane som er rekna med. Men dei resterande årsverka i desse avdelinga er rekna med under «andre UNE», og dermed også i totaltalet.

Tabell 14: Kostnads- og vekttsproduktivitet 2021–2023

	2021	2022	2023	Endring i prosent 2021-2022	Endring i prosent 2022-2023
Regnskap (sum post 01 og 21)	245 734 000	271 827 228	281 477 907	11 %	4 %
Regnsk (KPI-just ift. 2021-kr)	245 734 000	256 925 546	252 220 347	5 %	-2 %
Antall behandlede saker	4 701	5 502	5 743	17 %	4 %
Gj.snitt kostnad per sak	52 273	49 405	49 012	-5 %	-1 %
Gj.snitt kostnad per sak (KPI-justert ift. 2021-kroner)	52 273	46 697	43 918	-11 %	-6 %
Vekttall	1 576,7	1 687,6	1 777,0	7 %	5 %
Gj.snittlig vektall per sak	0,335	0,307	0,309	-9 %	1 %
Gj.snitt kostnad per vektall	155 850	161 073	158 401	3 %	-2 %
Gj.snitt kostn per vektall (KPI-justert ift. 2021-kroner)	155 850	152 243	141 936	-2 %	-7 %

Ser vi nærare på kostnaden per *vekttal*, gir dei KPI-justerte rekneskapstala ein reduksjon med 2 % frå 2021 til 2022 og ein ytterlegare reduksjon med 7 % frå 2022 til 2023, jf. nedste rad.¹⁰ Anten ein måler per sak eller per vektall, har det altså tilsynelatande vore ei positiv produktivitetsutvikling dei to siste åra.

Nærare vurdering av faktorar som har påverka produktivitetsutviklinga

Rad 7 viser gjennomsnittleg «vekttsutteljing» per sak for kvart av dei tre åra. I 2022 var kvar sak «verd» 9 % mindre målt i vektall enn i 2021. Dette indikerer at samansetjinga av saker og avgjerdsform i 2022 og 2023 var litt mindre ressurskrevjande for UNE enn ho var i 2021.

I årsrapporten for 2022 skreiv vi at den viktigaste årsaka til den lågare utteljinga i vektall per sak i forhold til 2021 var at delen saker som blei avgjorde i sekretariatet, hadde auka mykje frå 2021 (13 %) til 2022 (22 %). Vidare gjorde vi greie for at ein del (kanskje mesteparten) av desse årlege svingingane kan forklarast med behov for å utnytte kapasiteten hos nemndleiarane betre. Når eit vedtak blir gjort i nemndleiarleddet framfor i sekretariatet, gir dette likevel langt større «vekttsutteljing» per sak, jf. tabell 13. Som årsaker til lågare vektall framheva vi også at det var ein mindre prosentdel asylsaker og ein mindre prosentdel nemndmøte i 2022 enn i 2021.

I 2023 har dei gjennomsnittlege vektalla per sak gått opp med 1 % frå 2022. Prosentdelen avgjerder som er tekne i sekretariatet, har gått ned frå 22 % til 16 % (gir meir vektall), mens delen vedtak gjorde i nemndmøte gjekk ned frå 4,7 % til 4,1 %. Det er viktig for UNE å kunne nytte dei samla ressursane våre fleksibelt for å få ein god flyt i saksbehandlinga uavhengig av kva avgjerdsform som «bur i» sakene. Prosentdelen asylsaker var om lag den same som i 2022.

Det er også ei rekkje samanhengar som er viktige for produktiviteten, som ikkje blir spegla i vektall-tabellen. Til dømes er omgjeringsoppmodingar i snitt mindre ressurskrevjande å behandle enn klagesaker. Omgjeringsoppmodingar utgjorde ein mindre prosentdel av dei behandla sakene i 2023 enn dei to tidlegare åra: 25 % i 2021, 21 % i 2022 og 17 % i 2023. Det er også vesentlege forskjellar mellom dei ulike opphaldsporteføljane når det gjeld kor ressurskrevjande dei er å behandle på eit

¹⁰ Det er då teke utgangspunkt i ein auke i konsumprisindeksen på 5,8 % frå 2021 til 2022 og ein auke på 5,5 % frå 2022 til 2023.

gjennomsnittsnivå som ikkje blir fanga opp av vektaltssystemet. Her har dei litt mindre ressurskrevjande sakstypene utgjort ein større del av dei behandla sakene i 2023. Det same gjeld også for 2022 samanlikna med 2021.

Andre forhold som kan ha hatt noko å seie:

- I 2023 har UNE fått inn særleg mange krav frå UDI om vurdering av utsett iverksetjing, utan at vi har fått ei tilsvarende mengd Dublin-klagesaker, jf. punkt 3.2.3. Dette har bidrege til eit lågare produktivitetstal, ettersom UIV-vurderingar er ressurskrevjande, men ikkje gir «utteljing» før vi får sjølv klagesaka. På den andre sida har Dublin-sakene likevel utgjort ein vesentleg større del av asylsakene i 2023 enn i 2021 og 2022. Dette trekkjer i retning av høgare produktivitet, sidan Dublin-klagesaker i gjennomsnitt er mindre ressurskrevjande enn realitetsklagesaker på asylfeltet.
- Vi har også i 2023 brukt mykje saksbehandlingsressursar på å få ferdigstilt UNEpraksis, jf. omtale av UNEpraksis under punkt 3.2.11. Arbeidet med papirfrie nemndmøte er eit anna døme på utviklingsprosjekt der vi må bruke saksbehandlingsressursar.
- Overgang til ein meir normal situasjon når det gjeld pandemi og smittevernreglar, kan generelt ha bidrege i positiv retning sett i eit 2–4-årsperspektiv.
- UNE har vore færre dagar i retten i 2022 og 2023 samanlikna med i 2021, og dette er også noko vi trur bidreg i positiv retning når det gjeld produktivitetstala.
- I periodar der vi har mange nytilsette i sekretariatet, ser vi noko lågare produktivitetstal i kjerneverksemda. Det er både fordi desse nye medarbeidarane må bruke tida si på å bli lærte opp, og fordi det må setjast av ressursar i form av erfarne saksbehandlarar til denne opplæringa og ekstra andrehandsarbeid. Det tek normalt fleire månader før dei nytilsette blir «produktive» om lag på linje med meir erfarne saksbehandlarar. Trass i 33 tiltredingar har 2023 likevel ikkje skilt seg nemneverdig frå 2021 og 2022. På nemndleiar sida har vi hatt 4 tiltredingar.
- Problem med ustabilitet og nedetid i saksbehandlingssystemet DUF går ut over produktiviteten i saksbehandlinga. Vi antek likevel at dette ikkje har vore eit like stort problem i 2023 som det var i delar av 2022.

Samanfatta er altså litt mindre ressurskrevjande saker og ein noko mindre del saker i nemndmøte forhold som har bidrege til høgare produktivitet målt i talet på årsverk per sak i perioden 2021–2023. På den andre sida har mellom anna ein mindre del omgjeringsoppmodingar trekt i motsett retning. I lys av produktivitetstala, og sett opp mot ei rekkje forhold som spelar inn, vurderer vi det alt i alt som meir sannsynleg at den *reelle* produktivitetsutviklinga dei siste par åra har vore positiv, enn at ho har vore negativ.

Tiltak for å betre produktiviteten

UNE har over tid jobba med å få kontinuerleg forbetring til å vere ein integrert del av arbeidsforma vår. Dette inneber at organisasjonen gjer mange små endringar og tilpassingar mellom anna for å betre produktiviteten. Sjå også punkt 3.2.11, der vi mellom anna omtalar LEAN-nettverket i UNE.

Vi forsøker også å bruke organiserte, tidsavgrensa innsatsar på særskilde porteføljar som eit ledd i den samla innsatsen for å ta unna sakene på ein effektiv måte. I 2023 har vi prøvd å systematisere denne måten å drive saksbehandling på, mellom anna gjennom å setje av ein eigen ressurs til koordinering og erfaringslæring, for på denne måten kunne spreie ut det som fungerer. Vi følgjer

også opp med jamlege produktivetsanalysar for om mogleg å fange opp om endringar og tiltak kan verke positivt eller negativt inn på produktivetsutviklinga.

I 2023 jobba vi vidare med å styrkje samhandlinga og støtta til saksbehandlinga ved hjelp av eininga for førebuing og saksstyring (FORS), som er ein del av saksavdelinga. Eininga hjelper no meir til i sjølve saksbehandlinga. Dei utfører fleire praktiske oppgåver for saksbehandlarane enn før og gjer dessutan enkelte enklare vedtak. Når det oppstår større administrativt arbeid med porteføljar, hjelper eininga til med eller utfører sjølv oppgåva for å bidra til å betre effektiviteten i saksbehandlinga. Enklare saksbehandling i samband med suspensjon eller utsetjing av porteføljar er døme på dette.

3.2.14 Schengen IKT-tilpassingar (O3)

Oppdrag 3: UDI har ansvar for å koordinere rapportering for utlendingsfeltet. UNE blir beden om å bidra med innspel til UDI-rapporteringa, jf. dokumentet frå departementet med overordna rammevilkår og føringar for Schengen IT-porteføljen. Utover det blir UNE beden om å rapportere kort for sin eigen del i årsrapporten.

For UNE sin del har 2023 særleg handla om å innføre og implementere SIS recast¹¹. Endeleg implementering med oppstart av nye digitale løysingar i SIS recast skjedde 7. mars 2023 etter fleire utsetjingar sentralt i Schengen. UDI har eit overordna ansvar for porteføljen i utlendingsforvaltninga.

UNE har delteke på prosjektrådsmøte for Internasjonal portefølje og bidrege til statusrapportering i dei månadlege rapportane frå UDI og POD til departementet.

UDI og UNE har også i 2023 jobba med ulike juridiske og teknologiske avklaringar knytte til gjennomføringa av regelverket.

Ei digital løysing for massebehandling av klagesaker og oppmodingar om utsett iverksetjing i UNE blei handtert i ein eigen prosess og innført i november 2023. Ei digital løysing for massebehandling av omgjeringssoppmodingar i UNE skal etter planen implementerast i februar 2024.

I saker der UDI og UNE har gjort vedtak før SIS recast blei implementert, er ikkje den tekniske løysinga optimal for saksbehandlinga i UNE. Men i saker der UDI har gjort vedtak etter implementeringa av SIS recast, har vi sett ein betre saksflyt i UNE.

3.2.15 Oppfølging av tillitsreforma (O4)

Oppdrag 4: UNE skal vurdere aktuelle tiltak for å vareta intensjonane bak reforma. Vidare skal verksemda vurdere om det er mogleg å redusere interne styringssignal, rapporteringskrav og resultatkrav som bind opp ressursar og snevrar inn handlingsrommet i oppgåveutføringa. Vurderingane bør gjerast i samarbeid med organisasjonane til dei tilsette. Gjennomførte tiltak skal omtalast kort i årsrapporten.

¹¹ SIS er eit informasjonsdelingssystem for sikkerheit og grensekontroll i Europa, og SIS recast inneber ei oppgradering av dette systemet. Systemet er oppretta for å kompensere for fjerninga av den indre grensekontrollen mellom medlemsstatane i Schengen-samarbeidet. Det blir mellom anna brukt til å utveksle informasjon om personar som har fått ei utreiseplikt med ein utreisefrist frå Schengen-området, eller som har fått eit innreiseforbod til Schengen-området.

UNE har vurdert oppfølginga av tillitsreforma i samarbeid med dei tillitsvalde. UNE har over fleire år vore oppteken av tillitsbasert leing, mellom anna i samband med leiarutvikling. Arbeidsgivaren og dei tillitsvalde er samde om at UNE skal halde fram med å jobbe med tillitsbasert leing og myndiggjering av medarbeidarar.

Vi opplever at intensjonen med tillitsreforma samsvarer med prinsippet om mål og resultatstyring i staten, og at dette blir vareteke på ein god måte internt i UNE, mellom anna gjennom at vi vektlegg LEAN-metodikk og lagorganisering.

Arbeidsgivaren og dei tillitsvalde er elles samde om at tillitsreforma truleg ikkje treffer UNE som verksemd i like stor grad som andre verksemdar som har meir «førstelinde» ut mot brukarane.

3.2.16 Talet på lærlingar (R5)

Rapporteringskrav 5: I årsrapporten for 2023 skal UNE rapportere om følgjande: kor mange lærlingar verksemda har, om verksemda har vurdert å auke talet på lærlingar, og i så fall innanfor kva fag, og dessutan kva opplæringskontor verksemda er knytt til. UNE skal også rapportere om arbeidet med å ta imot studentar i praksis. Dersom krava ikkje er oppfylte, må verksemda gjere greie for årsaka til dette og kva ein har gjort for å oppfylle krava.

UNE er knytt til Opplæringskontoret for statlege verksemdar (OK-stat). Vi har i 2023 tilsett éin lærling innanfor IT-driftsfaget og vurderer å tilsetje endå ein lærling i 2024, slik at vi framover kan oppnå synergieffektar ved å ha ein førsteårs- og ein andreårslærling til kvar tid.

Når det gjeld arbeidet med å ta imot studentar i praksis, har vi hatt to studentar frå IT-drift i praksisplass i 2023.

3.2.17 Konsulentbruk (R6)

Rapporteringskrav 6: I årsrapporten for 2023 skal UNE rapportere om konsulentbruken, under dette om iverksette tiltak og konkrete resultat i arbeidet med å følgje opp fellesføringa. Dersom det er fagområde og/eller kompetanseområde i verksemda der det i særleg grad blir nytta konsulentar, skal bakgrunnen for dette omtalast nærare. UNE skal som ein del av rapporteringa også gi ein overordna omtale av ev. kjøp av konsulenttenester frå kommunikasjonsbransjen (alle typar kommunikasjonstenester) i 2023 og opplyse om totalbeløpet for kjøp av slike tenester.

UNE har rekneskapsført 15,8 mill. kroner til kjøp av konsulenttenester for 2023. Dermed har den delen av driftsutgiftene som har blitt brukt på konsulentar, gått ned frå 6,3 % i 2022 til 5,6 % i 2023, jf. tabell 1 på side 8 og punkt 4.3.

Konsulentar til utvikling av programvare og IKT utgjør den klart største kategorien av konsulentbruken, etterfølgt av konsulentstøtte i samband med eit leiarutviklingsprogram i 2023 og støtte frå Statsbygg i samband med anskaffing av nye lokale i 2025, sjå figur 18 under punkt 4.3. Den relativt store bruken av konsulenttenester på IKT-området heng dels saman med at det på dette området er særskilt utfordrande å rekruttere og behalde rett kompetanse – ikkje minst for ei relativt lita verksemd som UNE – dels med at behovet for spisskompetanse kan endre seg frå prosjekt til prosjekt og over tid. I løpet av 2023 har vi likevel lukkast med å rekruttere til enkelte ledige stillingar på IKT-området. Dette viser seg mellom anna i at delen driftsutgifter som har blitt brukt til konsulentar, har gått ned frå 6,3 % i 2022 til 5,6 % i 2023.

Ut over å gjere heile verksemda kjend med den nemnde fellesføringa frå regjeringa har UNE ikkje sett inn konkrete tiltak. Når det gjeld kommunikasjon, har vi bygd opp ei intern kommunikasjonseining på seks tilsette som sjølv har og utviklar det vi bruker av kommunikasjonskompetanse. Dei inngår elles i ein kompetansefellesskap der dei utvekslar erfaringar med andre kommunikasjonseiningar innanfor utlendingsforvaltninga, og dei deltek i nettverk og følgjer aktivt med på kurs og arrangement, særleg i Kommunikasjonsforeningen.

3.2.18 Moglegheitene for desentralisert arbeid (R7)

Rapporteringskrav 7: *I årsrapporten for 2023 skal UNE gjere greie for korleis dei vurderer moglegheitene for desentralisert arbeid, omfanget og bruken av desentralisert arbeid i verksemda og erfaringane med dette. Dersom verksemda ikkje har hatt ein auke i bruken av desentralisert arbeid, eller dersom bruken har gått ned, skal det gjerast greie for årsakene til dette.*

UNE vurderer det slik at enkelte stillingar innanfor IKT kan vere eigna for desentralisert arbeid. Vi lyste ut to stillingar hausten 2023 der det stod i kunngjeringsteksten at det var mogleg å jobbe desentralisert. Vi fekk likevel ingen søkjarar til desse stillingane som var aktuelle for desentralisert arbeid.

3.2.19 Rapportering etter verksemdsinstruksen for Utlendingsnemnda

Praksis i strid med tilrådingar frå UNHCR

UNE hadde ikkje etablert ein praksis som var i strid med tilrådingar frå UNHCR, for nokon sakstypar/landporteføljjar i 2023.

Punkt 2.5 i instruksen

Kort oversikt over og oversending av rettskraftige tingretts- og lagmannsrettsdommar der praktisering av regelverket har vore eit sentralt vurderingstema

Vi viser til eigne brev om dette.

3.2.20 Mangfald, inkludering og likestilling – rapportering etter utgreiingsplikta

Alle verksemdar som arbeider etter metodikken i § 26 bokstav a til d i likestillings- og diskrimineringslova, skal gjere greie for to ting:

- 1) den faktiske tilstanden for kjønnslikestilling i verksemda
- 2) arbeidet dei har gjort i for å oppfylle aktivitetsplikta

Mangfald, inkludering og likestilling inngår som eit konkret mål i verksemdsstrategien for UNE 2022–2025. UNE jobbar løpande med å vareta likestillingsperspektivet på alle nivå av verksemda. Dette skjer i hovudsak gjennom ordinær dialog og samhandling med tillitsvalde. I tillegg er vi opptekne av å fremje likestilling i rekrutteringsprosessar. Omsynet til likestilling er også vareteke i personalpolitikken vår.

Ca. 70 % av dei tilsette i UNE er kvinner. UNE gjennomfører lønnskartlegging kvart år. Med unntak av leiarstillingar tener menn i gjennomsnitt meir enn kvinner innanfor dei fleste stillingskategoriar. Likevel viste ein relativt omfattande analyse i 2022 at det ikkje var grunnlag for å konkludere med at det var kjønn i seg sjølv som var årsaka til lønnsdifferansen, men at det kunne vere andre faktorar. I 2023 gjennomførte vi ei forenkla lønnskartlegging som stadfesta resultata frå kartlegginga i 2022.

UNE har ingen tilsette som jobbar ufrivillig deltid. Vi har berre dagtidsstillingar, og alle får tilbod om 100 % stilling. Berre eit fåtal av dei tilsette jobbar deltid på eige initiativ. Med unntak av ei lærlingstilling er alle stillingane i UNE faste.

Gjennomsnittet av tilsette i foreldrepermisjon i 2023 var ca. 2,5 % av alle tilsette.

Arbeidet med mangfald, inkludering og likestilling i UNE blir følgt opp av direktøren og av ei eiga arbeidsgruppe kalla mangfaldsgruppa. Arbeidsgruppa består av representantar frå arbeidsgivaren og dei tillitsvalde. Gruppa har utarbeidd ein handlingsplan.

Inkludering og mangfald har vore eit gjennomgåande tema i rekrutteringsarbeidet til UNE og i alle rekrutteringsprosessar som er gjennomførte i 2023. Vi har retta særleg merksemd mot rekruttering av personar med innvandrarakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne og hol i CV-en.

3.2.21 Prosedyreeininga i UNE

Eininga for prosedyre er ei fagleg uavhengig eining under direktøren som består av ein avdelingsleiar som i tillegg er advokat og prinsipal, og sju advokatar. Eininga skal etter avtale med Regjeringsadvokaten ta seg av ein større del av rettssakene til UNE. I 2023 fekk eininga 36 nye saker, det vil seie 50 prosent av dei i alt 72 nye rettssakene til UNE. I tillegg tok advokatane i eininga hand om rundt 12 ankesaker. Alt i alt tok prosedyreeininga seg av omtrent like mange rettssaker som året før, men innbyrdes blei det litt fleire nye saker og litt færre ankesaker.

Slik vi vurderer det, heldt rettssakporteføljen elles omtrent det same nivået som han har gjort dei siste åra, både i kompleksitet, i omfang og i anketilhug. Det som likevel skil innhaldet i porteføljen frå tidlegare, og då særleg frå tida før pandemien, er mellom anna at delen beskyttelsessaker både faktisk og relativt har blitt vesentleg mindre, og at sakstypene har blitt vesentleg meir mangfaldige og ulike. Porteføljen rommar også saker om borgarar frå land som tradisjonelt ikkje har vore ein del av rettssakene i utlendingsporteføljen. Sakene krev vidare eit større fokus på og meir djupnekunnskap om internasjonale rettskilder, då særleg på området til EØS-retten og EMK-retten.

Eininga har stilt kompetansen og ressursane sine til rådvelde for at UNE skal kunne etablere ein god fagleg struktur i rettssaksarbeidet og få tilbakeført erfaringar frå rettssakene. Advokatane har mellom anna gjennomført fagmøte, ein månadleg domstime, opplæring og analysearbeid. Dei har også delteke i og gitt råd til ankeutvalet og samhandlingsforumet i UNE.

Dagens tredeling mellom Regjeringsadvokaten, prosedyreeininga i UNE og CMS Kluge Advokatfirma fungerer framleis godt slik vi vurderer det.

DEL IV Styring og kontroll i verksemda

4.1 Overordna vurdering av styring og kontroll i verksemda

Dei statlege prinsippa for mål- og resultatstyring er grunnlaget for den interne styringa i UNE. Det er ikkje avdekt vesentlege avvik i drifta til UNE i 2023. UNE vil framleis arbeide med å vidareutvikle styringssystem og intern kontroll, mellom anna gjennom kvalitetskontrollar og forbetringsarbeid.

Krava departementet stiller i tildelingsbrevet, utgjer grunnlaget for den risikobaserte styringsdialogen. I tillegg vurderer vi fortløpande i kva grad det vil vere aktuelt å informere departementet om avvik som gjeld andre typar risiko, til dømes innanfor HMS, personvern og sikkerheit.

For å sikre at vi oppfyller krava til internkontroll ved saksavviklinga i UNE, har vi etablert system og rutinar for å sørge for rett kvalitet i kjernesaksbehandlinga vår.

4.2 Nærare omtale av forhold knytte til styring og kontroll

4.2.1 Innføring av SRS

Statlege rekneskapsstandardar (SRS) er obligatoriske for alle statlege verksemdar frå 2027, med ein innføringsperiode på fem år frå 1. januar 2022 for dei verksemdene som ikkje allereie hadde nytta SRS før dette. UNE er i innføringspulje 2 og skal ta i bruk SRS frå og med rekneskapsåret 2024. Gjennom 2023 har UNE hatt løpande dialog med Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) for å utarbeide opningsbalanse og fastsetje prinsipp. Sentrale økonomimedarbeidarar har delteke på alle kurs og opplæringstilbod i regi av DFØ knytte til innføringa av SRS. Opningsbalansen vil bli ferdigstilt i løpet av 1. kvartal 2024 og skal godkjennast av JD før han blir lagd til grunn i rekneskapsåret for 2024.

4.2.2 Sikkerheit og personvern

Organisasjon

UNE har jobba systematisk med sikkerheit og personvern i 2023. Arbeidet med sikkerheit og personvern har også i 2023 blitt koordinert gjennom sikkerheitslaget, som har jobba med både strategiske og løpande oppgåver. Det er informasjonssikkerheitsleiaren i UNE (CISO) som leier laget. Sikkerheitslaget gir råd og rapporterer om sikkerheit og personvern til direktøren og den strategiske leiargruppa i UNE (beståande av leiarnivå 1 og 2).

Sikkerheitskultur

I 2022 innførte sikkerheitslaget bevisstgjeringsprogrammet SUNE (Sikkerheit i UNE). Programmet består av mange ulike aktivitetar, som nanolæring, stikkprøver og testar, møte, artiklar og foredrag. Det er obligatorisk for alle medarbeidarar å delta i dette programmet.

I 2023 har vi jobba aktivt for å vidareutvikle programmet, og det er gjennomført mange ulike aktivitetar retta mot medarbeidarane. Det er viktig for UNE å få etablert ein kultur der vi har bevisste

medarbeidarar, slik at vi kan vere proaktive og hindre at uønskte hendingar, sikkerheitsbrot eller brot på personvernet oppstår. For at vi skal få til det, er det heilt avgjerande at medarbeidarane rapporterer løpande om avvik, uønskte hendingar eller forhold som potensielt kan føre til slikt.

Nokre område og problemstillingar vi har fokusert på, er digitale truslar, «insider»-problematikk og kontroll med kven som er i lokala våre.

Operativ sikkerheit

UNE har i 2023 etablert ei døgntkontinuerleg sikkerheitsovervakingsteneste (SOC – Security Operation Center). Tenesta er etablert gjennom ein ekstern partner og styrkjer kapasiteten vår på sikkerheitsområdet betrakteleg. Vi har no fått ei døgntkontinuerleg profesjonell overvaking av alarmar, og vi har fått tilgang til ekspertkompetanse dersom noko skulle skje.

UNE har gjennomført ulike revisjonar og kontrollar i løpet av året. Vi har mellom anna utført ein teknisk revisjon av kontorstøtteløysinga vår (M365) og fysiske penetrasjonstestar¹² for å avdekkje sårbarheiter i inngangskontrollen. Vi har jobba med å følgje opp tiltak frå revisjonane og kontrollane i 2023, og dette arbeidet held fortløpande fram i 2024.

Kriseberedskap

UNE har i løpet av hausten innført krisehandteringssystemet Rayvn, som tek over for CIM. Vi planlegg å gjennomføre ei kriseøving på avdelings-/einingsnivå for IT i februar 2024 og på verksemdsnivå i mars 2024.

Personvernombod

Vi har eit avvikssystem som vi reknar som velkjent i organisasjonen. Avvik blir handterte fortløpande, og «hol» blir tetta. Vi har ikkje avdekt noko alvorleg i 2023. Å slette personopplysningar på gamle lagringsområde har vore ei prioritert oppgåve. Vi har også fokusert på tilgangsstyring og -kontroll.


Vi har no fullført behandlingsprotokollane våre etter GDPR på alle område, slik at vi har god, samla oversikt over måten vi behandlar og bruker personopplysningar på.

UNE opplever å ha eit godt samarbeid med UDI på personvernområdet.

¹² Formålet med penetrasjonstesting (også kalla PEN-testar) er å identifisere svakheiter og sårbarheiter som kan utnyttast av ein hackar, og dermed gi organisasjonar høve til å rette opp i desse problema før uautoriserte personar utnyttar smothola.

4.3 Ressursbruk

Figur 19: Fordelinga av driftsutgiftene til UNE i 2023 etter art



UNE meiner at ressursbruken har vore forsvarleg i 2023, både med tanke på korleis vi har prioritert, og med tanke på korleis ressursane er brukte.


Kakediagrammet i figuren ovanfor viser samansetjinga av utgiftene til UNE for rekneskapsåret 2023. UNE hadde 316,7 mill. kroner til disposisjon i 2023 (samla tildeling på post 01 og 21 pluss refusjonar av sjuke- og fødselspengar). Utgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen for same periode utgjer 289,6 mill. kroner, inkludert investerings- og finansutgifter. Lønn og sosiale utgifter utgjer ca. 75 % av dei totale driftsutgiftene i 2023. Utgifter til husleige, vakthald osv. er nest største kategori, og utgjer om lag 7 %.

Konsulentbruken i 2023 utgjer ca. 6 %, ein liten reduksjon samanlikna med året før. Konsulentar til utvikling av programvare og IKT utgjer den største kategorien av konsulentbruken. Deretter følgjer konsulentstøtte i samband med leiarutvikling og konsulentstøtte frå Statsbygg i samband med anskaffing av nye lokale, jf. figur 19 nedanfor.

Kjøp av andre framande tenester utgjer ca. 3 % av utgiftene i 2023 og består mellom anna av kjøp av tenester til løpande driftsoppgåver på IKT-området, tolke- og verifiseringstenester, psykolog- og psykiatertjenester og dessutan bistand til anskaffingar.

Vi viser elles til kommentarane frå leiaren i del 6 Årsrekneskap, som gir nærare forklaringar og vurderingar av vesentlege forhold ved årsrekneskapen til UNE.

Figur 20: Konsulentutgifter 2019–2023



4.4 Ny langsiktig leigeavtale for kontorlokala til UNE

UNE skal flytte inn i nye lokale sommaren 2025. Hovudkriteria for valet av nye lokale har vore pris og kvalifikasjonar. Prosjektet hadde oppstart i 2022. I 2023 har vi arbeidd med marknadssøk, anbudsutlysing, anbuds konkurranse og kontraktsforhandlingar.

Valet fall på Storgata 38 som det beste alternativet, og UNE har i januar 2024 signert ny leigeavtale.

Gjennom heile prosessen har vi jobba tett og godt med Statsbygg som rådgivar, og tilrådingane deira har fått brei tilslutning.

4.5 Riksrevisjonssaker

UNE fekk ingen merknader frå Riksrevisjonen for rekneskapsåret 2022. Revisjonen av rekneskapen for 2023 blir ferdigstilt i første tertial 2024, og revisjonsmeldinga for 2023 blir publisert på nettsidene våre så snart ho ligg føre.

DEL V Leiaren si vurdering av framtidsutsiktene

Utlendingsfeltet er framleis prega av at internasjonale hendingar påverkar tilstrøyminga til Noreg både på asylfeltet og når det gjeld innvandring på andre grunnlag. Per i dag er det særleg Ukraina og situasjonen på Gaza som er dei store drivarane, men det er grunn til å tru at situasjonen med stor tilstrøyming til Europa også frå andre område vil påverke Noreg i stor grad. Vi må derfor vere førebudde på at uvisse vil vere ein normal del av planlegginga vår.

Med store endringar og svingingar er det framleis vesentleg at vi lukkast med å vere fleksible, og at vi styrkjer endringskapasiteten vår ytterlegare. Vi må framleis jobbe aktivt med kontinuerleg forbetring av både prosessar og fagleg innhald for å sikre at vi greier å skape meirverdi i det vi gjer.

Fleksibilitet handlar for oss dei næraste åra om å ha kapasitet til å handtere svingingar i saksinngangen og til samtidig å bidra i digitaliseringsarbeidet i utlendingsforvaltninga. Begge delar vil vere kritiske faktorar for at vi skal løyse oppgåvene våre på ein god måte også i framtida.

Endringskapasitet er avgjerande for at vi skal kunne løyse dagens arbeidsoppgåver samtidig som vi førebur oss på å jobbe på nye måtar både i nye lokale og etter kvart i nye digitale løysingar. Vi skal flytte sommaren 2025, og vi har så vidt byrja på arbeidet med å få til ein god overgang frå arbeid i kontor til meir aktivitetsbasert oppgåveløysing med opne arbeidsplassar, multirom og møterom som moglege arenaer. Det er viktig at vi lukkast, og at vi samtidig løyser samfunnsoppdraget vårt på ein god måte. Men vi må forvente å leggje inn ein ikkje ubetydeleg tidsbruk på framtida både i 2024 og gjennom heile 2025. Det vil påverke kapasiteten vår til å behandle saker.

Digitalisering er eit viktig stikkord for oss i åra framover. Vi har i dag eit saksbehandlingssystem som ikkje lenger er så stabilt eller så funksjonelt som vi treng for å sikre gode leveransar. Det er derfor viktig for oss å bidra godt i prosessen med Modernisert utlendingsforvaltning, både for å sikre ei god heilskapleg løysing og for å sikre at også UNE sine oppgåver blir løyste på ein god måte.

Vi uroar oss for at store restansar i UDI vil gjere det vanskeleg for dei å sikre ein god og jamn flyt av saker over til UNE samtidig som dei skal løyse alle førstelinjeoppgåvene sine. Vi kan handtere normale svingingar i saksinngangen, men det er krevjande å halde dei framtidige saksbehandlingstidene nede når vi får uventa store mengder saker på kort tid. Det blir viktig for kjeda å tenkje heilskapleg og finne gode løysingar for å sikre gjennomgåande og effektiv handtering av sakene til det beste for brukarane.

UNE ønskjer framleis å vere ein aktiv bidragsytar og pådrivar i kjedesamarbeidet fordi vi trur på at det gir best moglege tenester for brukarane våre at vi greier å sjå oppgåvene våre i samanheng.

Oslo 29.2.2024



Marianne Jakobsen
direktør

DEL VI Årsrekneskap

6.1 Kommenterar frå leiaren til årsrekneskapen for 2023

Formål

Utlendingsnemnda (UNE) starta verksemda si 1. januar 2001 og ligg under Justis- og beredskapsdepartementet (JD). UNE er ein del av utlendingsforvaltninga, som består av UD, PU, UDI, UNE og IMDi. UNE si rolle i kjeda er å behandle klagesaker. UNE er eit ordinært statleg forvaltningsorgan som fører rekneskap etter kontantprinsippet, slik det går fram av prinsippnoten til årsrekneskapen. Årsrekneskapen utgjer del VI i årsrapporten.

Stadfesting

Årsrekneskapen er avlagd i samsvar med føresegner om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav frå JD i hovudinstruksen for Utlendingsnemnda. Eg meiner rekneskapen gir eit dekkjande bilete av dei disponible tildelingane, dei rekneskapsførte utgiftene, inntektene, eigedelane og gjelda til UNE.

Vurdering av vesentlege forhold

I 2023 disponerte UNE ei samla tildeling på 298 657 000 kroner på post 01, inkludert overførte midlar frå 2022. Samla rekneskap på post 01, inkludert belastning frå andre verksemdar, utgjer 286 477 907 kroner. Dette gir eit mindreforbruk på 12 179 093 kroner.

Ubrukte midlar kjem av fleire forhold. Delar av mindreutgifta er relaterte til lønn. UNE hadde i 2023 ei noko større utskifting i sekretariatet enn forventa. I tillegg har det vore utfordrande å rekruttere tilstrekkeleg rett kompetanse. Dette har medført at talet på årsverk blei noko lågare enn planlagt, noko vi har kompensert for no gjennom rekruttering med verknad frå januar 2024. Vidare har det vore ei noko lågare utbetaling til pensjon enn tidlegare berekna.

Mindreutgifta relatert til varer og tenester kjem i hovudsak av at ein mindre del driftsutgifter er nytta til kjøp av tenester til løpande driftsoppgåver på IKT-området. I tillegg kjem mindreutgifta av lågare utgifter til konsulenttenester for utvikling av programvare og IKT-løysingar. Når det gjeld den førstnemnde kategorien, har UNE i 2023 tilsett eigne ressursar som no tek seg av delar av driftsoppgåvene. Mindreforbruket relatert til konsulenttenester for utvikling av programvare og IKT-løysingar kjem i hovudsak av forseinkingar i enkelte av IKT-prosjekta våre.

I 2023 disponerte UNE ei samla tildeling på 8 079 000 kroner på post 21, inkludert overførte midlar frå 2022. Samla rekneskap på post 21 utgjer 8 145 440 kroner, noko som resulterer i eit meirforbruk på –66 440 kroner i forhold til løyvinga.

I nysalderinga blei det omdisponert 600 000 kroner frå post 01 til post 21, då ein tidleg i haust såg eit tilløp til at utgiftene på denne posten kom til å overstige løyvinga. Meirforbruket kjem først og fremst av auka utbetalningar knytte til sakskostnader etter forvaltningslova til § 36 og dessutan auka utgifter til gjennomføring av fleire nemndmøte.

Vi viser til note 3 til artskontorapporteringa når det gjeld detaljar ved utbetalningar til drift.

Mellomværet med statskassa utgjør –17 069 580 kroner per 31.12.2023. Oppstilling av artskontorapporteringa viser kva egedelar og gjeld mellomværet består av.

Tilleggsopplysningar

Riksrevisjonen er ekstern revisor og reviderer årsrekneskapen for Utlendingsnemnda.

Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per dags dato, men revisjonsmeldinga vil truleg liggje føre i løpet av andre kvartal 2024. Revisjonsmeldinga er halden unna offentleg innsyn fram til Stortinget har fått Dokument 1 frå Riksrevisjonen, men vil bli publisert på nettsidene til UNE så snart dokumentet er offentleg.

Oslo 29.2.2024

A handwritten signature in blue ink, reading "Marianne Jakobsen". The signature is fluid and cursive, with a long horizontal stroke extending to the right.

Marianne Jakobsen
direktør

6.2 Prinsippnote til årsrekneskapen

Årsrekneskap for statlege verksemder er utarbeidd og avlagd etter nærare retningslinjer fastsett i føresegnene om økonomistyring i staten («føresegnene»). Årsrekneskapen er i samsvar med krav i føresegnene punkt 3.4.1, nærare føresegner i Finansdepartementets rundskriv R-115 av desember 2022 og eventuelle tilleggskrav fastsette av overordna departement.

Oppstillinga av løyvingrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i føresegnene punkt 3.4.2 – dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen:

- a) Rekneskapen følgjer kalenderåret.
- b) Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- c) Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.
- d) Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med brutto beløp.

Oppstillingane av løyving- og artskontorrapportering er utarbeidde etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarer med krav i føresegnene punkt 3.5 til korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til løyvingrekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

Verksemda er tilknytt konsernkontoordninga staten har i Noregs Bank, i samsvar med krav i føresegnene punkt 3.7.1. Bruttobudsjetterte verksemder får ikkje tilført likviditet gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkontoen sin. Ved årsslutt blir saldoen på kvar enkelt oppgjerskonto nullstilt ved overgangen til nytt år.

Løyvingrapporteringa

Oppstillinga av løyvingrapporteringa omfattar ein øvre del med løyvingrapporteringa og ein nedre del som viser behaldningar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Løyvingrapporteringa viser rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapen. Det er stilt opp etter dei kapitla og postane i løyvingrekneskapen verksemda har fullmakt til å disponere. Kolonnen «Samla tildeling» viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar statskonto (kapittel/post). Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle egedelar og forpliktingar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen til staten.

Mottekne fullmakter til å belaste kapitla/postane til ei anna verksemd (belastningsfullmakter) er ikkje viste i kolonnen for samla tildeling, men er omtalte i note B til løyvingoppstillinga. Utgiftene knytte til mottekne belastningsfullmakter er bokførte og rapporterte til statsrekneskapen og er viste i kolonnen for rekneskap.

Belastningsfullmakter som er gitt, er inkluderte i kolonnen for samla tildeling, men blir ikkje bokførte og rapporterte til statsrekneskapen frå verksemda sjølv. Belastningsfullmakter som er gitt, blir bokførte og rapporterte av verksemdene som har fått belastningsfullmaktene og viser derfor ikkje i kolonnen for rekneskap. Kva fullmakter som er gitt, kjem fram i note B til løyvingoppstillinga.

Artskontorrapporteringa

Oppstillinga av artskontorrapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder, og ein nedre del som viser egedelar og gjeld som inngår i mellomværet med statskassa. Artskontorrapporteringa viser rekneskapstal verksemda har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege

verksemdar. Verksemda har ein trekkrett på konsernkontoen sin i Noregs Bank. Tildelingane er ikkje inntektsførte og derfor ikkje viste som inntekt i oppstillinga.

Rekneskapstal i løyvings- og artskontorapportering med notar viser rekneskapstal rapporterte til statsrekneskapen. I tillegg viser noten til artskontorapporteringa «Samanheng mellom avrekning med statskassa og mellomvære med statskassa» bokførte tal frå kontospesifikasjonen for verksemda i kolonnen «Spesifisering av bokført avrekning med statskassa». Noten viser forskjellen mellom beløp som verksemda har bokført på egedels- og gjeldskontoar i kontospesifikasjonen for verksemda (under dette saldo på kunde- og leverandørreskontro), og beløp som verksemda har rapportert som fordringar og gjeld til statsrekneskapen, og som inngår i mellomværet med statskassa.

Verksemda har innretta bokføringa slik at ho følgjer krava i føresegnar om økonomistyring i staten. Dette inneber at vi har bokført alle opplysningar om transaksjonar og andre rekneskapsmessige disposisjonar som er nødvendige for å utarbeide pliktig rekneskapsrapportering, jf. føresegnene punkt 3.3.2, og spesifisering av pliktig rekneskapsrapportering, jf. føresegnene punkt 4.4.3. Føresegnene krev mellom anna at det skal utarbeidast kundespesifisering og leverandørspesifisering. Dette medfører at sals- og kjøpstransaksjonar blir bokførte i kontospesifikasjonen på eit tidlegare tidspunkt enn dei blir rapporterte til statsrekneskapen, og inneber kundefordringar og leverandørgjeld i kontospesifikasjonen.

6.3 Årsrekneskap

Oppstilling av løyvingsrapportering, 31.12.2023

Utgiftskapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling	Rekneskap 2023	Meirutgift (–) og mindreutgift
0491	Utlendingsnemnda	01	Driftsutgifter	A, B	298 657 000	281 477 907	17 179 093
0491	Utlendingsnemnda	21	Spes. driftsutgifter	A, B	8 079 000	8 145 440	–66 440
1633	Nettoordning for mva. i staten	01			0	11 730 109	
Sum utgiftsført					306 736 000	301 353 456	

Inntektskapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Samla tildeling	Rekneskap 2023	Meirutgift (–) og mindreutgift
5309	Tilfeldige inntekter	29		0	373 193	
5700	Arbeidsgivaravgift	72		0	26 697 705	
Sum inntektsført					0	27 070 898

Netto rapportert til løyvingsrekneskapen	274 282 558
---	--------------------

Kapitalkontoar						
60048801	Noregs Bank KK/innbetalningar				10 657 694	
60048802	Noregs Bank KK/utbetalningar				–280 421 180	
705011	Endring i mellomværet med statskassa				–4 519 071	
Sum rapportert					0	

Behaldningar rapporterte til kapitalrekneskapen (31.12)

		2023	2022	Endring
705011	Mellomvære med statskassa	–17 069 580	–12 550 509	–4 519 071

Note A Forklaring av samla tildeling utgifter

Kapittel og post	Overført frå i fjor	Årets tildelingar	Samla tildeling
491 01	13 354 000	285 303 000	298 657 000
491 21	64 000	8 015 000	8 079 000

Note B Forklaring til brukte fullmakter og berekning av mogleg beløp som kan overførast til neste år

Kapittel og post	Stikkord	Meirutgift(-)/mindreutgift	Utgiftsført av andre i samsvar med gitte belastningsfullmakter(-)	Meirutgift(-)/mindreutgift etter gitte belastningsfullmakter	Meirinntekter / mindreinntekter(-) i samsvar med meirinntektsfullmakt	Omdisponering frå post 01 til 45 eller til post 01/21 frå neste års løyving	Innsparingar(-)	Sum grunnlag for overføring	Maks. beløp som kan overførast*	Mogleg beløp som kan overførast, berekna av verksemda**
491 01	«kan nyttast under post 21»	17 179 093	-5 000 000	12 179 093				12 179 093	14 265 150	12 112 653
491 21	«kan nyttast under post 01»	-66 440		-66 440				-66 440	400 750	0

*Maksimalt beløp som kan overførast, er 5 % av årets løyving på driftspostane 01–29, bortsett frå post 24, eller summen av løyvinga frå dei siste to åra for postar med stikkordet «kan overførast». Sjå årleg rundskriv R-2 for meir detaljert informasjon om overføring av ubrukte løyvingar.

** Mogleg beløp som kan overførast, er summen av mindreinntekt på post 01 og meirutgift på post 21.

Forklaring til bruk av budsjettfullmakter

1 Stikkordet «kan nyttast under»: UNE har fullmakt til å omdisponere midlar mellom postane 01 og 21.

Oppstilling av artskontorrapportering 31.12.2023

	Note	2023	2022
Driftsinntekter rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Innbetalinger frå gebyr	1	0	0
Innbetalinger frå tilskot og overføringar	1	0	0
Sals- og leigeinnbetalinger	1	0	0
Andre innbetalinger	1	0	0
<i>Sum innbetalinger frå drift</i>		<i>0</i>	<i>0</i>
Driftsutgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Utbetalinger til lønn	2	212 846 088	193 171 914
Andre utbetalinger til drift	3	70 434 600	68 433 644
<i>Sum utbetalinger til drift</i>		<i>283 280 688</i>	<i>261 605 558</i>
Netto rapporterte driftsutgifter		283 280 688	261 605 558
Investerings- og finansinntekter rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Innbetaling av finansinntekter	4	0	0
<i>Sum investerings- og finansinntekter</i>		<i>0</i>	<i>0</i>
Investerings- og finansutgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Utbetaling til investeringar	5	6 342 659	10 221 398
Utbetaling av finansutgifter	4	0	273
<i>Sum investerings- og finansutgifter</i>		<i>6 342 659</i>	<i>10 221 670</i>
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter		6 342 659	10 221 670

Innkrevjingsverksemd og andre overføringer til staten

Innbetaling av skattar, avgifter, gebyr m.m.	6	232	114
<i>Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringer til staten</i>		232	114

Tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten

Utbetalinger av tilskot og stønader	7	0	0
<i>Sum tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten</i>		0	0

Inntekter og utgifter rapporterte på felleskapittel

Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)		372 961	286 198
Arbeidsgivaravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)		26 697 705	23 634 418
Nettoføringsordning for meirverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		11 730 109	13 065 789
<i>Netto rapporterte utgifter på felleskapittel</i>		-15 340 558	-10 854 827

Netto rapportert til løyvingerekneskapen

274 282 558 260 972 287

Oversikt over mellomværet med statskassa

	2023	2022
Fordringer på tilsette	282 808	197 032
Kontantar	0	0
Bankkontoar med statlege midlar utanfor Noregs Bank	0	0
Skuldig skattetrekk og andre trekk	-8 963 558	-8 000 867
Skuldige offentlege avgifter	-14 808	-10 519
Pensjonspremie avsett til Statens pensjonskasse*	-8 376 690	-4 737 604
Mottekne forskotsbetalningar	0	0
Lønn (negativ netto, for mykje utbetalt lønn m.m.)	2 668	1 450
Differansar på bank og uidentifiserte innbetalningar	0	0
Sum mellomvære med statskassa	9	-12 550 509

* Pensjonstrekket i lønna til dei tilsette (2 %) på konto 263 inngår også på denne linja.

Note 2 Utbetalinger til lønn

	31.12.2023	31.12.2022
Lønn	172 906 735	161 325 472
Arbeidsgivaravgift	26 697 705	23 634 418
Pensjonsutgifter*	18 358 731	12 884 849
Sjukepengar og andre refusjonar (-)	-9 988 538	-9 308 400
Andre ytingar	4 871 455	4 635 575
Sum utbetalinger til lønn	212 846 088	193 171 914
Talet på utførte årsverk:	204	203

* I 2023 utgjorde premiesatsen for arbeidsgivardelen 9,6 prosent (arbeidsgivardel av pensjonspremien/pensjonsgrunnlaget i 2023 rapportert til SPK). For rekneskapsåret 2022 utgjorde premiesatsen 9,3 prosent.

Note 3 Andre utbetalinger til drift

	31.12.2023	31.12.2022
Husleige	20 904 326	19 444 341
Vedlikehald og ombygging av leigde lokale	226 307	975 554
Andre utgifter til drift av eigedom og lokale	7 604 126	7 550 348
Reparasjon og vedlikehald av maskiner, utstyr osv.	121 259	508 109
Mindre utstyrsanskaffingar	504 092	2 238 600
Leige av maskiner, inventar og liknande	4 355 579	3 854 472
Kjøp av konsulenttenester	15 822 698	16 429 107
Kjøp av andre framande tenester	7 643 037	7 498 889
Reiser og diett	2 505 385	1 922 228
Andre driftsutgifter	10 747 791	8 011 997
Sum andre utbetalinger til drift	70 434 600	68 433 644

Note 4 Finansinntekter og finansutgifter

	31.12.2023	31.12.2022
<u>Innbetaling av finansinntekter</u>		
Renteinntekter	0	0
Valutagevinst	0	0
Anna finansinntekt	0	0
Sum innbetaling av finansinntekter	0	0
<u>Utbetaling av finansutgifter</u>		
Renteutgifter	0	273
Valutatap	0	0
Anna finansutgift	0	0
Sum utbetaling av finansutgifter	0	273

Note 5 Utbetaling til investeringar og kjøp av aksjar

	31.12.2023	31.12.2022
<i>Utbetaling til investeringar</i>		
Immaterielle egedelar og liknande	2 153 689	2 063 868
Driftslausøyre, inventar, verktøy og liknande	4 188 970	8 157 530
Sum utbetaling til investeringar	6 342 659	10 221 398
<i>Utbetaling til kjøp av aksjar</i>		
Kapitalinnskott	0	0
Obligasjonar	0	0
Investeringar i aksjar og andelar	0	0
Sum utbetaling til kjøp av aksjar	0	0

Note 6 Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten

	31.12.2023	31.12.2022
Tilfeldige og andre inntekter (Statskonto 530929)	232	114
Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten	232	114

Note 8 Samanheng mellom avrekning med statskassa og mellomvære med statskassa

Del A Forskjellen mellom avrekning med statskassa og mellomvære med statskassa

	31.12.2023	31.12.2023	
	Spesifisering av bokført avrekning med statskassa	Spesifisering av rapportert mellomvære med statskassa	Forskjell
Finansielle anleggsmidler			
Investeringar i aksjar og andelar*	0	0	0
Obligasjonar	0	0	0
<i>Sum</i>	0	0	0
Omløpsmidlar			
Kundefordringar	0	0	0
Andre fordringar	282 808	282 808	0
Bankinnskot, kontantar og liknande	0	0	0
<i>Sum</i>	282 808	282 808	0
Langsiktig gjeld			
Anna langsiktig gjeld	0	0	0
<i>Sum</i>	0	0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	-739 891	0	-739 891
Skuldig skattetrekk	-8 963 558	-8 963 558	0
Skuldige offentlege avgifter	-14 879	-14 808	-70
Anna kortsiktig gjeld	-8 374 022	-8 374 022	0
<i>Sum</i>	-18 092 349	-17 352 388	-739 961
Sum	-17 809 541	-17 069 580	-739 961

* Verksemdar som eig finansielle anleggsmidler i form av investeringar i aksjar og selskapsdelar, fyller også ut note 9 B.

DEL VII Vedlegg til UNEs årsrapport for 2023 – statistikkrapportering (jf. punkt 8.1 i tildelingsbrevet)


1. Produserte vekttal og vektalskostnad

Tabell 1: Vektalskostnad dei siste 4 åra

	2020	2021	2022	2023
Produserte vekttal	1773,5	1576,7	1687,6	1777,0
Gjennomsnittleg utgift per vekttal	141 953	155 850	161 073	158 401

2. Avgjerdsform

Figur 1: Behandla saker fordelte på avgjerdsform 2021–2023




Tabell 2: Behandla saker fordelt på sakskategori og avgjerdsform 2021–2023

	Avgjerdsform	2021	2022	2023
Asylsaker	NMP	9 %	7 %	5 %
	NUP	2 %	2 %	2 %
	NL	84 %	82 %	69 %
	SEK	5 %	10 %	24 %
Opphalds-saker	NMP	4 %	3 %	3 %
	NUP	1 %	1 %	1 %
	NL	81 %	72 %	84 %
	SEK	15 %	24 %	12 %

3. Omgjorde saker

Figur 2: Omgjorde saker fordelt på avgjerdsform 2021–2023



Tabell 3: Omgjorde saker fordelt på sakskategori og avgjerdsform 2021–2023


	Avgjerdsform	Del omgjord 2021	Del omgjord 2022	Del omgjord 2023
Asylsaker	Nemndmøte med pers. frammøte	71 %	75,5 %	63,5 %
	Nemndmøte utan pers. frammøte	81,5 %	75 %	69 %
	Nemndleiar	16 %	24 %	23 %
	Sekretariatet	0 %	0 %	3 %
	Sum asylsaker	21,5 %	26 %	21 %
Opphaldssaker	Nemndmøte med pers. frammøte	43 %	46,5 %	51 %
	Nemndmøte utan pers. frammøte	61 %	73,5 %	68 %
	Nemndleiar	16 %	17,5 %	14,5 %
	Sekretariatet	2,5 %	6,5 %	21,5 %
	Sum opphaldssaker	15,5 %	16,5 %	17 %
	Totalt	16,5 %	18 %	17,5 %

Runda av til næraste halve prosent

4. Talet på løyve gitt med avgrensingar

Talet på løyve gitt med avgrensingar i asylsaker fordelt på ikkje-dokumentert identitet, einslege mindreårige 16–18 år, jf. utlendingslova § 38 femte ledd, utlendingsforskrifta § 8-12 og utlendingsforskrifta § 8-8 1. UNE har ikkje gitt løyve etter utlendingsforskrifta § 8-8 1 i perioden.

Figur 3: Talet på løyve gitt med avgrensingar i asylsaker 2021–2023



5. Talet på saker og utfallet i utvisingssaker der utlendingen er straffa for brot på straffelova § 257 og § 391a, jf. instruks GI-02/2013 til UDI

Tabell 4: Talet på saker behandla 2021–2023


År	2021	2022	2023
Behandla	3	4	0

6. Tilbakekallingssaker

UNE fekk i 2023 totalt inn 376 saker der UDI hadde gjort vedtak etter utlendingslova §§ 37 eller 63. Av desse var 60 oppmodingar om omgjerung av UNEs eige vedtak. UNE behandla totalt 312 saker, og 59 var oppmodingar om omgjerung.


Sakene fordelte seg slik på heimlane i dei påklaga vedtaka:

Figur 4: Innkomne og behandla tilbakekallingssaker, fordelte på heimel




Sakene fordelte seg slik på klager og omgjøringsoppmodingar:

Figur 5: Innkomne og behandla tilbakekallingssaker, fordelte på klager og omgjøringsoppmodingar




Sakene fordelte seg slik på nasjonalitetar:

Figur 6: Innkomne tilbakekallingssaker, fordelte på heimel og nasjonalitet




Figur 7: Behandla tilbakekallingssaker, fordelt på heimel og nasjonalitet



57 saker blei gjorde heilt eller delvis om. 7 av dei var omgjeringsoppmodingar:

Figur 8: Omgjorde tilbakekallingssaker, fordelt på heimel i det påklaga vedtaket



7. Talet på saker behandla etter forvaltningslova § 36

I 2023 behandla UNE ferdig 202 saker etter forvaltningslova § 36 om dekning av sakskostnader.

I 2023 utbetalte UNE 4 171 355 kroner (ekskl. mva.) over post 21 i statsbudsjettet fordelt på 157 ulike utbetalinger etter § 36. Til samanlikning blei det i 2022 utbetalt 2 810 785 kroner knytt til 139 saker.

8. Rettssaker

Hovudtrekk

Tabell 5: Rettskraftige avgjerder 2017–2023

	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Tap	20	29	21	21	25	25	12
Medhald	74	78	70	59	53	31	23
Sum	94	107	91	80	78	56	35
Medhaldsdel	78 %	73 %	77 %	74 %	68 %	55 %	66 %

Nye rettssaker

Tabell 6: Nye rettssaker fordelt på instans 2017–2023

Hittil per dato	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Stemningar tingretten*	168	153	119	82	64	70	71
Ankar til lagmannsretten	50	51	57	40	32	22	29
Ankar til Høgsterett	9	22	13	23	18	8	15
Totalt	227	226	189	145	114	100	100

*Talet på stemningar i 2019 blir 126 dersom vi reknar med stemningar til byfuten i saker der det også ligg føre ei stemning til tingretten. I 2020 blir talet 85, og i 2021 blir det 65.

Rettsavgjerder (alle, ikkje berre rettskraftige)

Tabellen viser alle avgjerder uavhengig av rettskraft. Det kan derfor vere fleire avgjerder som gjeld same sak i fleire instansar.

Tabell 7: Rettsavgjerder i 2023 uavhengig av rettskraft

2023	Heva/avvist	Tapt	Medhald	Sum for instans
Tingretten	6	16	36	74
Lagmannsretten	7	5*	12	24
Høgsterett/ ankeutvalet	6		1*	7
Sum etter utfall	19	21	49	

* I éi sak oppheva Høgsterett dommen frå lagmannsretten.

Rettsaksarbeid

Tabell 8: Rettsaksarbeid 2017–2023

Hittil per dato	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Talet på hovudforhandlingar	169	143	150	121	102	70	64
Talet på dagar i retten	360	331	360	261	224	160	150